**KAMP-INFO!** Kampoppsett og anna praktisk informasjon om Handballfestivalen:

MIDTSIDENE – napp ut og ta vare på!

MIDTSIDENE – napp ut og ta vare på!

# HANDBALLFESTIVAL

STORD

6.–8.06.92



Gjerpen til Handballfestivalen! Les om Gjerpen og Hanne Hegh på side 4

HANDBALL-bladet

# Sunnhordland

Bilag til «Sunnhordland» fredag 5. juni 1992




## Banar overalt



Jostein Bolset ryddar plass for handball på parkeringsplassen til HSD. *Side 6*

## Frå Finland til festival

Eitt utanlandsk lag er med i Handballfestivalen: Det kjem frå Hangø i Finland, vennskapskommunen til Stord. Som rett og rimleg er, møter Hangø P16 Stord i første kamp. 12 spelarar og seks finske leiarar kjem til Stord pinsehelga. *Side 5*

## Grillfest!

Laurdag kveld vert det grillfest med over 1000 deltakarar frå Handballfestivalen. Les meir om festen og andre fritidstilbod på... *Side 11*

## SKARPSKYTING MED Sunnhordland

Viktig melding til alle deltakarane i Handballfestivalen: Bli med i «Skarpskyttaren», ei tevling ved bladet Sunnhordland i samarbeid med ST&I handballgruppa. Frå straffemerket skal du plassera fem ballar så godt du kan, aller helst rett i krysset. 1. premie: Gavekort på kr 500 frå bladet Sunnhordland (Om fleire får same poengsum: Loddtrekking om 1. premie.) Stad: Like ved Idrettshallen/Stord ungdomsskule. Kva tid: Laurdag 13.00 - 18.00 og sundag 09.00 - 15.00. *Meir side 11*

## FESTIVAL-LEIAR SNAKKAR FRITT



*Side 3*

## Handballformann Magne Jostein Mikkelson:

# — Lukke til på Stord!



- Gje oss ros og ris, oppmodar handball-leiar Magne Jostein Mikkelson.

- Ha det gøy under Handballfestivalen! Tap og vinn med same sinn, og vis tolmod om matkøen skulle verta i lengste laget!

Slik ynskjer leiar av handballgruppa i Stord Turn og idrettslag, Magne Jostein Mikkelson, 175 lag med 2300 spelarar velkommen til Handballfestivalen.

- Med den store deltakarauken vert det ei tøff oppgåve å ta seg av kvar einskild. Men det skal me greia! Gje meg ros og ris under festivalen, det treng me for å laga ei betre turnering neste år, oppmodar Mikkelson.

Det er styret i handballgruppa, med leiaren i spissen, som har det overordna ansvaret for Handballfestivalen.

Men Magne Jostein Mikkelson er slett ikkje nervøs før det heile brakar laus:

- Eg føler me står for kvalitet frå A til Å i handballgruppa. Turneringsleiar Arne Steinsvåg har full tillit i styret. Alle gjer ein kjempejobb.

Sjølv har eg stått for kontakten med sponsorane. Eg gler meg over den velviljen eg vert møtt med, ikkje minst må eg takka Stord kommune for god støtte.

Nokon grunn til at rutinerte Mikkelson skal skjelva i buksene, er det knapt. Alt som 17-åringen festa han eit godt grep om formannsklubba i handballgruppa!

- Det var i 1969. Gudmund Sørensen hadde vore leiar frå starten i 1965, og ingen stod klar til å ta over. Eg var leiar i to år, før eg kom attende i perioden 1973-76. Dei fire neste åra var eg oppteken med politikk, men attende til handballen kom eg!

- Kvifor det?

- Eldste-jenta mi fekk interesse for handball, og då var det heilt naturleg å støtta opp. Men det er ei lett oppgåve å vera leiar for så mange dyktige folk. Eg vonar på å få vera med iallfall til den nye idrettshallen står klar på Vikahaugane. Ein idrettshall der handballgruppa skal inn med 250.000 kroner i kontantar, ein sum me kan stabla på beina takka vera Handballfestivalen, fortel Magne Jostein Mikkelson. Målet er at Handballfestivalen kvart år skal gje minst 150.000 kroner i overskot. Midlane skal koma samtlege Stord-lag til gode.

- Korleis opplevde du Handballfestivalen i fjor og forfjor?

- Første året vart det mykje stress og kaving - iallfall bak kulissane. I fjor visste alle kva dei skulle gjera. Eg gav dessutan streng ordre: Ikkje spring! Gå fort! Me må ikkje skapa stress som smittar over på deltakarane, ler handball-formannen.

- Takk til alle foreldre og andre for innsatsen under Handballfestivalen! sluttar Mikkelson som til dagleg driv gartneri. Valspråket «ein nøgd kunde er ein god kunde» tek han med seg til Handballfestivalen.



# Ordføraren helsar

*For tredje året på rad vert det handballfestival på Stord i pinsehelga.*

*Hanballgruppa i Stord Turn- og Idrettslag legg ned eit fantastisk arbeid for å gje deltakarane eit trygt og minnerikt opphald. Mottoet for festivalen er å visa idretten i ein heilskap. Dette mottoet vil i løpet av festivalen syna seg i praksis ved at deltakarane får eit heildøgnstilbod med gode og attraktive fritidstilbod innimellom handballspelinga.*

*Sjølv om festivalen i fjor var vellukka på alle vis, vert det ikkje lagt opp til ein blåkopi i år. Festivalen er i stadig utvikling. Dei som har delteke tidlegare år, kan rekna med både overraskingar og kvalitetsheving. Sidan i fjor har me og fått ein ekstra hall.*

*Eg ynskjer alle deltakarane velkomne til Stord og arrangørane lukke til med festivalen.*

*Med venleg helsing*

***Magne Rommetveit***

*Ordførar*

HANDBALL-bladet
Sunnhordland
Redaksjonelt stoff: Halvard Leirvik
Trykk: Bladet Sunnhordland, Leirvik, 5400 Stord
Opplag: 11.000

# Handball - KORT FORTALT...



**Saman med ANNE MARIE NYHAMMER kastar me eit raskt blikk på kva handballsporten eigentleg er. Anne Marie er ringreven framfor nokon på Stord sitt damelag. Scoringar i fleng og sikkert spel på høgre-backen gjennom heile sesongen skaffa henne tittelen årets Stord-spelar 91/92.**

**Foto: Tor Resser**

### • Kven gjer kva?

**MÅLVAKT:** - Målvakta er det lite å seia om, meiner Anne Marie.
- Oppgåva er grei: Redda kvart einaste skot som kjem.

**VING:** - På kvart lag er det ein høgre- og ein venstreving. Å snakka om ein typisk ving, var lettare før. I dag trener alle stort sett på det same - og kan brukast på ulike plassar. Men vingen er gjerne liten, kjapp og fintesterk. Tempo er viktig sidan vingen er førstemann opp i angrep. Den spisse vinkelen gjer det vanskeleg å scora. Vingen er difor ofte flink til å sjå målvakta sine svake sider, og plassera ballen etter det, meiner Anne Marie.

**BACK:** - Backen er gjerne meir robust enn vingen, men ingen regel utan unnatak. Hos oss har Marte W. Olsen spelt back, og blitt vårt svar på Susann Goksør. Men er spensten dårleg, må backen nesten vera litt høg for å koma til på skot frå ti meter.

- Midtbacken har ei spesiell oppgåve. Frå posisjonen midt i laget har han fullt oversyn. Midtbacken gjev beskjedar og er ballførar, fortel Stord-spelaren.

**STREKEN:** - Streken må tola mest «bank» av alle. I posisjonen inne på 6-meteren, midt i forsvaret til motstandaren, er du ein «finde». Streken må kunna snu på ein 5-øring og vera sikker i klypene. Med folk tett innpå heile tida trengst det styrke for å kunna karra til seg ballen.

### • Nokre reglar:

Med tar også med nokre ganske få av dei viktigaste handball-reglane. Framstilt på ein kortfatta og «populær» måte med hjelp av Anne Marie Nyhammer.

**SKRITT:** Den regelen det vert synda mest mot i Handballfestivalen. Det er ikkje lov å ta meir enn tre steg utan å «dabba» ballen.

**TRAMP:** Å trø over 6-meters-streken i angrep.

**BRØYT:** Resultatet av ein mislukka finte. I staden for å koma forbi motstandaren, spring du han/henne ned.

**STRAFFEKAST:** - Kvart straffespark er ein diskusjon for seg. Sjeldan er alle samd med dommaren, vedgår Anne Marie. I utgangspunktet er det straffe når du vert hekta med klar bane for mål.

# Festival-sjefen

## som ikkje likar trim…

**Dette er:**
**ARNE STEINSVÅG**

- **«Skaparen» av Handballfestivalen**
- **Turneringsleiar for Handballfestivalen 1992**
- **Trenar for Stord-herrane to sesongar i 3. divisjon**
- **Bakgrunn som aktiv innan handball og friidrett**

*«Eg har sjeldan kontroll på det eg gjer». Orda tilhøyrer Arne Steinsvåg, mannen som framfor nokon skal ro Handballfestivalen trygt i hamn. Kanskje burde orda hans gjera oss klamme i nevane og få sveitten til å pipla under armane. Det skjer ikkje. For handball-sjefen utstrålar all den ro som tenkjast kan der han lener seg godt attende i stolen medan han taklar spørsmåla lågmælt, utan dramatisk kroppsspråk eller lange setningar. Tvers gjennom alt skin likevel eit engasjement milevis utanom det vanlege.*

- Eg føler at alle i handballgruppa gjer jobben sin. Difor er eg trygg: Me har kontrollen før Handballfestivalen. Mi viktigaste oppgåve har vore å sy saman kampprogrammet. I dag vart eg ferdig, og det stoppa til sist på heile 547 kampar. Under sjølve festivalen skal eg berre rusla rundt, sjå til at alt fungerer og snappa opp tilbakemeldingar frå deltakarane, seier Steinsvåg.

*Korleis dukka idéen om ein Handballfestival opp?*

### «Me skal ikkje ta utgangspunkt i kampane, men i ramma rundt»

- Det var under eit besøk i Gøteborg på ei gigantisk handball-turnering der. Då såg eg korleis opplegget bør vera: Me skal ikkje ta utgangspunkt i kampane, men i ramma rundt. I Gøteborg var det mellom anna ein fantastisk opningsseremoni. Eg hadde lyst til å gjera noko liknande, i mindre skala. Rådmann Harry Herstad tende på idéen, og me fekk til eit glimrande samarbeid med Stord kommune.

*I 1990 small startsskotet for ein ny tradisjon: Handballfestival på Stord i pinsen. Nyskapninga kom attende i ei endå betre utgåve i fjor. Men sjølv etter tre hektiske dagar hadde Arne Steinsvåg blikket retta framover: Til «Sunnhordland» uttalte han at neste festival ville verta prøvesteinen. Kva i all verda meinte han med det?*

### «Handballfestivalen 1991 var ikkje god nok frå vår side»

Turneringsleiaren gjev svar utan å blunka:
- Handballfestivalen 1991 var ikkje god nok frå vår side. Målet var å dobla deltakartalet, samt å markera oss som ei turnering for heile Sør-Noreg. Kollisjon mellom 17. mai og pinse førte til at det berre vart plussa på 11 lag frå dei 95 som var med i 1990. I år har me kome opp i 175, men desse høyrer heime på vestlandet. Handballfestivalen vil nok først og fremst verta ein distrikt-cup, slår Arne Steinsvåg fast.



**Det er gøy vera ein outsider, meiner Arne Steinsvåg. Turneringsleiar for Handballfestivalen. Etter å ha vorte norsk juniormeister på 110 meter hekk droppa han friidrett til fordel for handball. Godt lagmiljø var avgjerande.** Foto: Tor Resser

*Du har også sagt at 200 lag er det maksimale. Er du framleis samd med deg sjølv?*

- Ja. 200 er maks, iallfall med den turneringsforma me har i dag: All aktivtet skjer på eit lite område.

*Årets Handballfestival er utan tvil ei utfordring for ST&I handballgruppa. På eitt år har cupen vakse meir i høgda enn kva ein vanleg rakkerunge gjer gjennom heile puberten, og meir i breidda enn ein pensjonert fotballspelar som har runda 40. Mange hender må ta eit tak. På rein vekeblad-manér stilte me difor turneringsleiaren følgande spørsmål: Kven kunne du ikkje greidd deg utan i arbeidet med festivalen?*

- Stein Sele. Stein er detaljorientert og ryddig. Slik er ikkje eg. Stein har også teke «telefonterroren» i år. Det er eg utruleg glad for. Dei siste tre månadene i fjor kimte telefonen samanhengande. Nemnast må også leiar av handballgruppa Magne Jostein Mikkelson.

### «Dei tre siste månadene kimte telefonen samanhengande»

*Me høyrer ofte om eldsjelene i idrettsarbeidet. Dei som strevar og slit utan betaling, utan å få eit einaste klapp på skuldra. Er det synd på deg Arne Steinsvåg?*

*Intervjuobjektet dreg på smilebandet, legg inn tenkepausar og stirer utover i rommet på jakt etter eit ærleg svar.*

- Eg veit ikkje om eg kunne klart å gjera noko anna. Heilt frå eg var unge har idretten vore viktig. At valet fall på handball, var tilfeldig. Til eg var 22 år handla alt om friidrett og hekke-løping. Handballen var ein rein hobby før eg kom til Elverum for å gå på skule.

Her møtte eg eit flott miljø der holdningar og samarbeid var det sentrale. Ei ny oppdaging for meg. Sidan har det berre vore handball. For meg er det eit anten/eller: Eg kan ikkje trena hekke-løparar ein dag, handball-spelarar den neste. Og sjølv om eg høyrer til den typen som er høgt oppe og like langt nede på idrettsbanen, vender lysta alltid attende.

*Er du ein sportsidiot?*

- Ja, dessverre. Eg les alt om sport i avisene. Men ein ting kan eg ikkje med: Trim. Når konkurransemomentet er borte, er det ingenting igjen for meg. Dette forundra meg - og var skuffande - då eg la opp som aktiv.

*Kva gjer handballen så spennande?*

- Det same som for andre lagidrettar: Det å jobba mot eit felles mål. Stemninga i dusjen etter siger i ein viktig kamp, kanskje med 2000 på tribunen, er fantastisk.

*Gje eit tips til dei som gjerne vil ha med seg ein smakebit av Handballfestivalen…*

- Eg synest dei skal ta seg ein tur i området rundt banane ved idrettshallen og Biltilsynet. Sjå på aktiviteten, sjå på ungane og kva forhold dei har til idretten. Ein tur på kveldstid kan også vera på sin plass. På to år med Handballfestival har me ikkje observert ei einaste Pils-flaske. Fyll vert unaturleg i denne samanhengen.

*No fører du oss over på målsettingane ved Handballfestivalen: «Eit overordna mål skal vera å visa korleis eit idrettsarrangement kan ta ansvar for dei totale barne- og ungdomsarbeidet». Kva meiner de med dette?*

- Det inneber at å gje eit sosialt tilbod til alle er førsteprioritet. Dette syner også att på det sportslege: Alle lag er garantert minst fem kampar. Me har både A- og B-sluttspel.

*Kva hugsar du best frå Handballfestivalen 1991?*

- Finalen i klassen for psykisk utviklingshemma (PU) som eg fekk lov å dømma. I år vert PU-klassen dessverre nokså redusert. Fleire lag skal vera med i ein større tilskiping i Ålesund. Men me har iallfall sikra oss ein oppvisingskamp mellom Stord og Bremnes.

For å gjera festivalen atraktiv, trengst det eit trekkplaster. I år vert det Gjerpen-damene. Stord freista å lokka til seg svenske Drott-Halmstad, men det vart for kostbart. Med det glapp ein verkeleg godbit: Drott er best i Europa på herresida for tida.

### «Handballen på Stord vart sett på som ein liten klovn»

Stord-handballen ligg på eit heilt anna nivå: Både herrene og damene skal kjempa i 3. divisjon til hausten. Andre idrettsgreiner har dominert rampelyset lokalt. Føler Arne Steinsvåg at idrettsgreina vert verdsett på Stord?

- Det er ikkje fritt for at handballen før var ein liten klovn på Stord. Men det har endra seg. Måten me merkar det på er spesiell: Tidlegare fekk me alltid skryt for alt me gjorde. No må me gjera jobben vår skikkeleg, elles ventar det kritikk. Det har kome ein skikkeleg haldningsendring. Det har vore ein kamp, men eg trivst med å vera ein outsider!

*Kva gjer Arne Steinsvåg 9. juni?*

- ???

*Intervjuobjektet set opp ein usikker smil og famlar med blikket etter haldepunkt i mitt einaste revolver-spørsmål. Eg må hjelpa han litt på veg: 9. juni er dagen etter Handballfestivalen…*

- Då vonar eg at eg har ei god kjensle. Marerittet er skikkeleg vått og gale vêr, samstundes som kampoppsettet sviktar. Huff!

## Slik EG ser HANDBALL-FESTIVALEN



Eg ser på Handballfestivalen som ei fin avslutting på handballsesongen. Det er blitt ein god tradisjon i pinstihelga.

Defileringa opp til Torget, og programmet der oppe er ei fin opning av Handballfestivalen. Det var kjekt i fjor når ST&I handballgruppa fekk Hanne Hegh til Handballfestivalen. I år kjem heile damelaget til Gjerpen.

Håpar dei held fram med å få kjendisar til Stord i åra framover.

Det er fint at det kjem handballlag frå heile landet til Stord. Då får me spela mot andre lag enn dei som me spelar mot til vanleg. Utebanane er veldig koselege å spela på, iallfall når vêret er fint.

**Alfhild Waage, Fitjar**



Som Handballfestival-deltakar vil eg skriva kor gøy det var med masse god handball og gode lagånder. Trass dårleg vêr var det masse positive ansikt å sjå. Det vart også delt ut eit «Fait Play»-flagg til den klubben med finast sportsånd på og utanfor banen.

Det som og er fint med slike festivalar, er det sosiale rundt det heile, med nye venner frå andre handball-klubbar elles i landet. Det er kjempekjekt å spela handball mot mange forskjellige lag. Håndball er kjempegøy! Og eg håpar at fleire og fleire kjem for å sjå - og ikkje minst å delta. «Det viktigaste er ikkje å vinna, men å delta».

**Håvard Tvedten, ST&I**



**Hanne Hegh, kjend frå Gjerpen og landslaget, opna Handballfestivalen i fjor. I år kjem heile Gjerpen og møter Stord-spelarar i oppvisnings kamp i idrettshallen på Vikahaugane.**

**Foto: Tor Resser**

# Kjem attende - med lagvenninnene!

## Litt om Gjerpen:

- **Noregsmeistrar 1986, 87 og 91**
- **Tre seriemeisterskap**
- **Vunne sluttspelet tre gonger**
- **Tapte semifinalen i Europa-cupen sesongen 87/88**
- **Fem 2. plassar i 1. divisjon**
- **Siri Eftedal, Anne Brit Skarstein og Hilde Røneid spelar på A-landslaget**
- **Av 19 spelarar i A-stallen er det berre fem som står utan landskampar i det heile**

**Mangeårig landslags-spelar Hanne Hegh stod i fokus under Handballfestivalen i fjor. Hanne må ha likt seg bra på «Sommerøya». I år tek ho nemleg med seg heile Gjerpen-laget!**

Vitjinga til den kjende handballspelaren vart ein knallsuksess i fjor. Hanne Hegh var til stades under heile festivalen, dømde kampar, skreiv autografar og stod for den offisielle opninga. I løpet av det siste året er det knytta nye band mellom Stord, Hanne Hegh og Skiens-klubben Gjerpen.

- Kvifor kjem du attende, no med heile Gjerpen-laget?

- Stord-leiar Mikkelson spurde meg om det kunne vera interesse for eit slikt opplegg. Gjerpen-leiinga fann alt godt lagt til rette for Stord-tur. I tillegg til damelaget reiser to lag for å delta i sjølve turneringa. Eg må også nemna at Stord har vore hos oss, under Vinje-cup.

### PU-kampar og opptog

- Kva hugsar du best frå Handballfestivalen?

- Kampane i PU-klassen var spesielle for meg sidan eg jobbar med psykisk utviklingshemma til dagleg. Satsar på at eg kan dømma nokre PU-kampar også i år. Opptoget under opninga 18. mai hugsar eg også godt. Det var nok ikkje dårlegare enn toget som gjekk på nasjonaldagen!

- Frå 13-årsalderen har du vore aktiv handballspelar og opplevd mange ulike turneringar. Kva særmerker Handballfestivalen på Stord?

- Stord gjer eit veldig godt forarbeid. Arrangementet er framfor alt sosialt. Det skjer ting på kveldstid, spelarane får nye venner. Handballfestivalen er gjennombarka bra - tett oppunder store turneringar som Bohus-cup i Sverige, rosar Hanne Hegh.

### Første samling

No er det eit aldri så lite skar i gleda over vitjinga til det stjernespekka Gjerpen-laget: Tre av jentene skal på landslagssamling og kan ikkje koma, trass i iherdige forsøk frå Gjerpen si side. Det gjeld mellom anna Siri Eftedal. Polske Mirella vert heller ikkje å finna på Stord.

- Kva skal så Gjerpen gjera under festivalen?

- Det vert første helga me samlast etter treningspausen. Difor har me ikkje dei store sportslege planane. Me vil følgja opplegget til ST&I, fortel Hanne. Det var lenge planar om ein treningskamp mellom Gjerpen og den ferske 1. divisjonsklubben Tertnes. Dei planane gjekk i vasken, i staden vert det oppvisningskamp saman Stord-spelarar.

### Eit godt auge

Handballfestivalen vert neppe siste gong Hanne Hegh er innom Stord. Det er ei kjend sak at handball-veteranen har eit godt auge til Stord-trenar Ketil Arnztsen:

- Kva tid får me sjå Hanne Hegh i Stord-drakt?

- I Stord-drakt? Eg byrjar verta gamal, veit du... Eg har førebels ikkje bestemt kva eg vil gjera dei neste åra. Eg kan ikkje vera like aktiv på handball-banen i all æve...

## Slik ME ser HANDBALLFESTIVALEN





Ein Handballfestival synest me er kjekk å vera med på. Me ser ein handball-festival som der mange lag møtest for å spela og ha det kjekt ilag. Det er ikkje om å gjera å vinna, men å delta. Me synest det er kjekt at lag frå andre plassar kjem heilt til Stord for å delta. Handballfestivalen er å kunna spela godt, gjera det besta me kan og ikkje bli sure om me ligg under med nokre mål, eller tapar. For det er jo berre ein leik. Opninga av Handballfestivalen ser me på som at ein av dei beste spelaren i nork handball opnar festivalen.

HANDBALLFESTIVALEN ER TOPPEN!!!

**Brita Luggenes og Berit Linga, Solid**

## Brønndalen - sikker festivalgjest:

# Årets høgdepunkt

Flott sportsleg og sosial innstilling gav Brønndalen Fair Play-pokalen under fjorårets festival.
- Me satsar på at Handballfestivalen skal verta det årlege høgdepunktet for klubben, seier primus motor i Brønndalen - Britt E. Halvorsen.

- Me planlegg opphaldet godt før avreise, slik at me kan ta oss skikkeleg av spelarane. Fjorårssuksessen med eigen kokk freistar til gjentaking, røper Britt og ymtar frampå at Brønndalen kanskje har fleire «sprell» på lager.

- Kva med det sportslege?

- Størst sjansar har nok P-12. Dei vann både Vårspretten i Bergen og Mathopen-cupen, fortel Britt E. Halvorsen som er full av lovord om ST&I:

- Velviljen hos arrangørane er storarta. Du føler aldri at du er til bry om du spør om noko, sluttar den festival-frelste leiaren til Brønndalen.



Brønndalen «trugar med» å laga liv og røre også under Handballfestivalen 1992. I fjor varta chefskokk «Pet ter» Bøe opp med grillfest.

Foto: Tor Resser

# Finske venner på banen

**Stord sin venskapskommune, Hangö, stiller med eit 16-års lag til handballfestivalen i år. Lokale lag frå Stord skal møta det finske handballaget, som blir einaste utanlandske lag i turneringa. Fyrste lag som skal bryna seg mot Hangö, er eit av P-16 laga til Stord. Det er kultursjef Jakob Gullberg som har jobba med å få delegasjonen på 12 spelarar og seks leiarar til Stord i pinsehelga.**

S MARIT HÆREID

Dei 12 jentene som kjem fredag, skal bu på Stord Ungdomsskule, saman med andre handballglade spelarar. Dei vil få fritt opphald dei dagane dei er på Stord. Reisa betaler dei sjølve.

I tillegg til spelarane og tre leiarar, vil mellom anna idrettsdirektør i Hangö, Leif Sjøstrand, vitja Stord.

- Han har ytra ønskje om å sjå seg litt ikring medan han er her, og i tillegg til handballfestivalen, vil me ta han og kona med på mellom anna Mostraspelet på Bømlo, seier Jakob Gullberg.

I løpet av helga skal dei òg drøfta retningsliner for framtidige besøk mellom dei to kommunane.



Kultursjef Jakob Gullberg

- Me vonar det vert slik at vertskommunen dekkjer opphald for gjestene, medan dei sjølve betalar reisekostnadene, seier Jakob Gullberg.

### Stord-støtte

Stord kommune yter støtte til festivalen, ved å stilla bygg og uteareal fritt til disposisjon. I år går samarbeidsavtalen ut.

- Kva skjer neste år?

- Handballfestivalen har utvikla seg veldig positivt, og deltakinga har nærast eksplodert i år. Det er eit veldig positivt tiltak - også sett frå kommunen si side. No tykkjer eg ikkje det er all verda å stilla anlegg og bygg til fri disposisjon. Det er nokså naturleg når så mange personar legg ned enormt med friviljug arbeid for å få dette til, seier Jakob Gullberg. Likevel er ytinga frå kommunen eit økonomisk spørsmål som politikarane må avgjera. Ein måte å gjera det på er å setja av ein fast sum i budsjettet som går til handballfestivalen.

- Politikararen ser nok verdien av å ha ein så stor handballfestival på Stord. Mitt inntrykk er at dei som står for dette arrangementet er veldig dyktige. Og eg har stor respekt for arbeidet handballgruppa har gjort. Dei fangar opp og giev tilbod til svært mange born/ungdomar. Og i den samanheng ser eg planen om ny hall som viktig. Idretten treng plass også vinterstid, seier Jakob Gullberg.



Stuart lakeman (t.v.) og Ralph Crooks legg arbeidet til sides denne helga og ser på Handballfestivalen i staden.

# Britiske medspelarar

Fotball, cricket, tennis: I Storbritannia engasjerer idretten utan like. Men handball - det er heller ukjent materie. Likevel har Handballfestivalen fått ein viktig medspelar i Nelson-prosjektet ved Aker Stord og Leirvik Sveis.

- Medan me har vore på Stord har me sett mykje handball på fjernsynet. Meir enn me har gjort til saman tidlegare i livet! Me forstår at det er ein stor idrett i Noreg, som også står sterkt lokalt, seier Ralph Crooks og Stuart Blakeman. Crooks leiar Nelson-gruppa ved Aker Stord, Blakeman har same oppgåve ved Leirvik Sveis.

- Me skal bu to år på Stord, og i den perioden ser me på Stord som heimen vår. Me har vorte godt motteke, og er glad for å kunna støtta eit lokalt arrangement, fortel Crooks som også vil følgja fleire av kampane frå sidelina.

Korleis opplever så britane «Sommarøya»?

- Dei fleste av oss kjem frå storbyar. Men når vêret er som no, er det herleg avslappande på Stord. Me ligg også godt i rute med arbeidet, svarar Ralph Crooks.

- Kvifor valde det å leggja bygginga av bustadkvarter og to modular hit?

- Både Aker Stord og Leirvik Sveis var konkurransedyktige. At verksemdene også låg på same stad, var tilfeldig og flaks for vår del, sluttar dei britiske handball-vennene.

# Visste du at ...

**Handballgruppa** i Stord Turn og idrettslag vart stifta i 1965. Gruppa har i dag 310 aktive fordelt på 27 lag. Stord er mellom dei fire største innan Hordalands-handballen.

**2300 spelarar** på 175 lag deltek i Handballfestivalen 1992. Dette er tredje gongen Handballfestivalen vert arrangert.

**Mellom 30 og 40** dommarar er i sving på 15 banar under festivalen. Det vert spelt 547 kampar.

**Ein stad mellom** 250 og 300 leiarar og foreldre i handballgruppa har sine oppgåver under Handballfestivalen.

**Under opningsseremonien** vert det trekt ut to lag som får gratis opphald ved Handballfestivalen 1993. Dei heldige vinnarane i fjor var Åkra (J14) og Kopervik (G14).

**Nærmare 50.000 iskrem-pinnar** vert selt under festivalen. Det går med 250 kg pølse og 10.000 pølsebrød.

**Til frukosten** dei tre dagane et spelarane over 10.000 brødskiver, 100 kg syltetøy, 100 kg ost og 100 kg skinke. Maten vert svelt ned med mjølk - 3.500 kartongar.

**1.7 millionar kroner** var omsetnaden til ST&I handballgruppa i 1991. I år vil han truleg passera 2 millionar.




**Musklane strekk ikkje til for Jostein Bolset mot HSD sine flaggskip på landevegen. Men laurdag må bussar og tungtransport bort, til fordel for tre handball-banar!**

# Bil må vika for Ball

**Jostein Bolset skubbar det han maktar på HSD sine trailerar. Dei tunge køyretøya må bort, om han skal merka opp dei tre banane på parkeringsplassen. Laurdag står i alt 15 banar klar for spelarane frå åtte om morgonen til 22.00 på kvelden.**

Leirvik torg, Leirvik skule, Idrettshallen, Rackethallen, grusbanen på Vikahaugane, Litlabø, ved HSD og Biltilsynet. Her finn du banane for Handballfestivalen 1992. Flest er det rydda plass til på grusplassen ved Idrettshallen. Fire stykker ligg tett i tett. På parkeringsplassen til HSD har Jostein Bolset, leiar av teknisk komité, lurt inn den einaste nye banen av året.

- Både HSD, Biltilsynet og torghandlarane har synt utruleg positivitet, fortel ein tilfreds Bolset.

Før festivalen får han ei stri tørn:

- Torsdag må me montera alle måla som ligg lagra på stadion. Fredag går med til å få mål og benkar ut, samt å merka banane. Humpar i asfalten må fyllast i, kumlokk dekkjast over. På Torget skal me polstra lysmastene og blomsterurnene. Alt dette for å hindra skadar. Ein del skrubbsår kan me aldri gå klar. Men dei styggaste skadane har faktisk kome innandørs, i form av beinbrot.

**Kosta så huda skvatt**

- Eit praktisk problem i fjor var at alt regnet vaska bort banemerkinga. Sundag kveld hadde eg dessutan ikkje skinn igjen i nevane etter å ha kosta vatn bort frå banane heile dagen, smiler Jostein Bolset som denne gongen fryktar varmen mest!

- Det kjem mange nye lag i år. Vil alle finna fram til sine kampar og banar?

- Håpar og trur det. Med tett og langt kampprogram toler me få utsette oppgjer. Alt avheng av at lagleiarane er aktive og har disiplin på laget. Lag som kjem for seint kan skapa store problem. Men eg meiner informasjonen frå vår side er god. Det er sundagen med cup-spel som kan by på vanskar, men då har me heile tida ein person sitjande i idrettshallen med oversyn over kampprogrammet, svarar Bolset.

For å halda alle trådane samla, har Bolset lånt inn VHF-samband, så mykje som 50 apparat skal sørga for at resultat kjem inn til sekretariatet smertefritt. Om ein dommar skulle glimra med sitt fråver, er det fort gjort å kalla inn ein ny.

## Slik EG ser HANDBALL-FESTIVALEN



Handballfestivalen er den største idrettsfesten i Sunnhordland. Det er 17. mai og julekveld på ny med 2000 gjester. Mange har alt gleda seg lenge, men no er det like før det brakar laus med 580 kampar. Det er stort å samla seg på Leirvik skule og gå i tog med mot sentrum. Unge, glade spelarar syner at handball er blitt kultur. Kultur med positive verdiar. Møt opp og del gledene med dei unge. Det er gode minne som ein lever lenge på. Helt til neste Handballfestival. Vi sees!

**Runar Øvrebø, leiar ST&I**

# Utan mat og drikke...

...duger helten ikkje. Kjellfrid Lie Økland, Else Marie Lillebø og Målfrid Nøstbakken er dei modigaste medspelarane i Handballfestivalen. Det krevst sjølvtillit for å ta på seg serveringa av 1500 menneske. Trioen kom glimrande frå oppgåva i fjor, men med årets store deltakarauke har dei verkeleg fått hendene fulle.

- Eg svelgjer når eg ser matlistene våre. (Sjå spalta «Visste du at...»). Men trass i enorme mengder, må me alltid hensta ut fleire varer under festivalen, fortel Kjellfrid.

- I fjor jobba eg og Målfrid 18 timar kvar dag. Første året gjekk me rundt. Me stod på frå laurdag morgon til utpå sundags-natta. Då såg eg ikkje ut! ler Kjellfrid.

- Vert det lange matkøar?

- Før har me klart oss utan kø. Men i år må me nok rekna med litt. Både frukost og middag tek fire timar å avvikla, svarar dei tre.

Til å hjelpa seg har mat-trioen 120 foreldre, samtlege jentelag hos Stord og nokre gutelag. Middagsmaten vert levert ferdiglaga. Til gjengjeld er det full køyr utan stopp i fire kioskar.

- Stiller same trioen opp om eit år?

- Målfrid ville trekkja seg sist, seier Else Marie og kikkar bort på «kollegaen».

- Ja, men eg vil uansett vera med å arrangera Handballfestival. Eg trur det er sunt at alle får prøva seg på ulike oppgåver. Samstundes kan ikkje alle tre gje seg no, ein viss kontinuitet må me ha, meiner Målfrid sjølv.

Mange dugnadstimar (pakking av 2.500 posar med snop!) og tallause telefonsamtalar til trass. Dei tre gler seg til festivalen:

- Handballfestivalen er utruleg kjekk. I seine (og overtrøytte) kveldstimar vert absolutt alt morro, smiler Kjellfrid, Else Marie og Målfrid. Tre nøkkelpersonar under Handballfestivalen.

Coca-Cola light



12-åringane Silje og Gaute seier fram eiden som representantar for alle deltakarane. To år har dei spela handball for Stord.

# Turneringseiden:

Som representant for spelarane lovar eg under denne festivalen:

- å spela så godt eg kan
- å oppmuntra medspelarar
- å visa respekt for dommarar
- å retta meg etter leiarane
- å ta avstand frå all form for doping
- å kjempa med «Fair Play»

Eg lovar:

- å tola tapa
- å tola vinna

Silje Rykkje og Gaute Eldøy har fått i oppgåve og seia fram turneringseiden under opninga av festivalen laurdag. Begge spelar på 12-årslaget i ST&I, og har vore med under Handballfestivalen før.

- Litt nervøse kjem me nok til å vera. Me vil læra eiden utanom, men tar med teksten i lomma i tilfelle..., seier dei to som skal lesa annakvar line av teksten.

# SKARPSKYTTAREN:



Magre poengsummar for bladstyrar Steinar Hystad og mål-snikkar Per Olaf Lillebø. 35 av 100 poeng vert neppe godt nok laurdag og sundag ved Stord ungdomsskule. Bli med og sjå kva du greier!

# Handballgruppa best i generalprøva

**Skarpskyttaren:**
- **5 skot frå straffemerket**
- **Maks 100 poeng**
- **Laurdag: 13-18**
- **Sundag: 9-14**

Bladstyrar Steinar satsa høgt - mot 20-poengaren i vinkelen, men ballen strauk over. Per Olaf køyrde «safe», høgrevridd og lågt, og skaffa handballgruppa siger på bortebane - i bladet Sunnhordland sin konkurranse «Skarpskyttaren».

Etter lett oppvarming (uttøying av snakkemusklane) og litt psykisk krigføring (Steinar prøver å verta kvitt forventningspresset: - Per Olaf er gamal handball-spelar. Eg har sett handball på fjernsyn), prikka bladstyraren inn ti poeng i første omgang. Betre vart det aldri: 5,0,1 og 5 igjen gav 21 poeng til saman. Per Olaf, som har snekra saman det flotte målet til «Skarpskyttaren», opna friskt på 15, for så å avslutta med fire gonger fem poeng. 35 poeng var nok til å sikra han solid siger i generalprøva, men under festivalen vert det nok berre barnematen.

# Travel fritid!


Har han teke seg vatten over hovudet? Fritidsleiar Torger Tvedten kryssar fingrane for grillfesten med over 1000 menneske. Kanopadlinga i Vikastemmo bør iallfall ikkje gå i vatnet.

**Dette kan du få med deg som deltakar i Handballfestivalen**

- **BADING**
- **RIDING**
- **KANOPADLING**
- **GRILLFEST**
- **OPPVISNINGSKAMP**
- **DUGLEIKSMERKE**
- **DANS**
- **MILJØKVELD**

Dei fleste laga i Handballfestivalen kan ikkje rekna med å få meir enn eit par timar på banen. Det vert mykje tid til overs for deltakarane. Og om solsteiken vert så sterk som alle håpar på, er det kanskje berre ein fordel. Då kan det vera like kjekt å rusla rundt, sjå på andre lag, eta is eller ta seg ein dukkert.

Stord-handballen vil likevel hjelpa til med å få tida til å gå fort. Torger Tvedten har snekra saman fritidstilbod for alle under Handballfestivalen.

- Ofte riggar arrangørane opp eit stort diskotek - og berre det. Det vert for «billig», meiner stordabuen, sjølv om dans også står på hans plan.

- Mest spennande er det med grillfesten laurdag kveld. Ein fest Brønndalen gav oss idéen til i fjor. Om alt klaffar, tippar eg at me vert over 1200 den kvelden. Det er nifst mange, men me satsar på at folk kjem gradvis etter kvart som kampane er ferdig, seier Tvedten og kryssar fingrane.

På grillfesten vert det sal av pølser, men folk bør også ta med eigen mat.

Om vêret vert for dårleg, vil handballgruppa i staden laga til eit arrangement i Kulturhuset.

- Ver også flink til å bruka eigen fantasi, seier Stord-leiaren og rosar lagleiarar som også eigne opplegg for sine lag, til dømes med badeturar.

Under grillfesten vert det musikk ved det lokale bandet Chicklets og høve til å prøva seg på Karaoke. Storleiken på arrangementet gjer at det vert «lukka» - berre for påmelde ved Handballfestivalen.

# Vaktpostar og sjukestove på plass

**Med 2.300 ungdomar i vigør på handballbanene på Stord i pinsehelga, må me rekna med ein del skrubbsår og småskadar. Mellom 70 og 80 spelarar vil koma innom vaktpostane i løpet av handballfestivalen, reknar Jan E. Agdestein, formann i Stord-Fitjar Røde Kors Hjelpekorps med. Vrikka anklar og skrubbsår vert truleg dei mest vanlege skadane.**

MARIT HÆREID

Heilt sidan handballfestivalen starta opp for tre år sidan, har Stord-Fitjar Røde Kors Hjelpekorps hatt i oppgåve å plastra skada handballspelarar. I år er det ei dobling i talet på deltakarar, og hjelpemannskapet vil sannsynlegvis få enda meir å gjera enn i fjor.

I år skal kring 20 personane frå Stord-Fitjar Røde Kors Hjelpekorps vera i beredskap ulike stader i Stord.

Det blir etablert ei sjukestove i lokala ved Stord Ungdsomsskule. Her vil det vera vaktar på plass heile døgeret, som vil ta seg av folk med sjukdom og skadar, så lenge festivalen pågår. Vaktane skal òg ha oppsyn med ungdomane på Stord Ungdomsskule nattestid, for å sikra best mogeleg tryggleik.

Det vil òg bli utplassert vaktpostar nær handballbanene. Ein større stasjon ved HSD/Biltilsynet på Vabakkjen, og mindre vaktpostar ved Litlabøhallen og ved Ungdomsskulen.

No er det ikkje alle som slepp unna med skrubbsår og ein forstuva tommel. Det er ikkje uvanleg at nokre må ta turen oppom sjukehuset for å lækja brotskadar. Jan Agdestein reknar med at eit par spelarar sannsynlegvis må innom sjukehuset ein tur.


Ikkje alle handballspelarane som vert skada slepp unna med skrubbsår. Bilete er henta frå tidelgare handballfestival, der ein spelar får hjelp av Stord-Fitjar Røde Kors Hjelpekorps.

HSD

# "RUTEPLAN" HANDBALLFESTIVAL

laurdag 6. juni, sundag 7. juni, måndag 8. juni.

Tabell I

| | Berre 7. og 8. juni. | | | | 7.juni | 6. og 7. juni | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rundingen(skulane) | 07.15 | 08.15 | 09.15 | 10.00 | 11.00 | 12.00* | 13.00 | 14.00 | 15.00 |
| Langeland skule | | | | 10.05 | 11.05 | 12.05 | 13.05 | 14.05 | 15.05 |
| Phønix Heiane | | | | 10.10 | 11.10 | 12.10 | 13.10 | 14.10 | 15.10 |
| Sagvåg kai | | | | 10.20 | 11.20 | 12.20 | 13.20 | 14.20 | 15.20 |
| Litlabøsenteret | 07.25 | 08.25 | 09.25 | 10.25 | 11.25 | 12.25 | 13.25 | 14.25 | 15.25 |
| Litlabøsenteret | 07.30 | 08.30 | 09.30 | 10.30 | 11.30 | 12.30 | 13.30 | 14.30 | 15.30 |
| Sagvåg kai | 07.35 | 08.35 | 09.35 | 10.35 | 11.35 | 12.35 | 13.35 | 14.35 | 15.35 |
| Phønix Heiane | 07.45 | 08.45 | 09.45 | 10.45 | 11.45 | 12.45 | 13.45 | 14.45 | 15.45 |
| Langeland skule | 07.50 | 08.50 | 09.50 | 10.50 | 11.50 | 12.50 | 13.50 | 14.50 | 15.50 |
| Rundingen(skulane) | 07.55 | 08.55 | 09.55 | 10.55 | 11.55 | 12.55 | 13.55 | 14.55 | 15.55 |

| | 6. og 7. juni | | | | | | 7. juni |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rundingen(skulane) | 16.00 | 17.00 | 18.00 | 19.00 | 20.00 | 21.00 | 22.15 |
| Langeland skule | 16.05 | 17.05 | 18.05 | 19.05 | 20.05 | 21.05 | \| |
| Phønix Heiane | 16.10 | 17.10 | 18.10 | 19.10 | 20.10 | 21.10 | \| |
| Sagvåg kai | 16.20 | 17.20 | 18.20 | 19.20 | 20.20 | 21.20 | 22.25 |
| Litlabø-senteret | 16.25 | 17.25 | 18.25 | 19.25 | 20.25 | 21.25 | |
| Litlabø-senteret | 16.30 | 17.30 | 18.30 | 19.30 | 20.30 | 21.30 | |
| Sagvåg kai | 16.35 | \| | \| | \| | \| | \| | – |
| Phønix Heiane | 16.45 | \| | \| | \| | \| | \| | 22.25 |
| Langeland skule | 16.50 | \| | \| | \| | \| | \| | \| |
| Rundingen | 16.55 | 17.40 | 18.40 | 19.40 | 20.40 | 21.40 | 22.35 |

Tabell II

| | 7. og 8. juni | | | 6. og 7. juni | | | | | 7.juni |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Rundingen | 07.00 | 08.00 | 09.00 | 17.40 | 18.40 | 19.40 | 20.40 | 21.40 | 22.40 |
| Hystad | 07.05 | 08.05 | 09.05 | 17.50 | 18.50 | 19.50 | 20.50 | 21.50 | 22.50 |
| Rundingen | 07.15 | 08.15 | 09.15 | 17.55 | 18.55 | 19.55 | 20.55 | 21.55 | 22.55 |

*6. juni startar bilen på Leirvik Torg (Rådhuset)kl. 11.45

P.S. 8. juni er denne bilen disponibel for festivalleiinga fram til kl. 17.00. Bilen har tlf. 090 78786

# Slik EG ser HANDBALL-FESTIVALEN




For min eigen del tykkjer eg at Handballfestival på Stord er eit einaste stress, men utruleg gøy for det.

All stressing kjem av at det er så mykje å passa på:

- Kva tid skal G-12 spela første kamp?
- Kva bane nr. skal dei spela på?
- Kva tid skal eg sjølv spela kamp?
- Kven møter vi?
- Kva bane skal eg sitja vakt på?

Dette er noko av det ein må hugsa på dersom ein er med som lagleiar, spelar og arrangør på ein gong.

Det som er gøyast med heile festivalen, er å få spela sjølv. Oppleva det å scora mål, «spela opp» andre på laget, jobba forsvar. Det er dette som er lagidrett, det er dette som er gøy.

Handballfestivalen -92 vil vera prega av høg kvalitet både sportsleg og sosialt.

**Roald Lande, ST&I**

Stord Process Control as

Postboks 1277, Heiane, 5401 STORDTelefon 05 41 57 11 – Telefax 05 41 54 45
Telex 42859



Troikaen som styrer SPC, frå v.: Ove Ottesen, dagleg leiar Erling Laukhammar og Arne Lillebø. (Foto: «Sunnhordland»)

**Stord Process Control A/S**
har spesialisert seg innen instrumentering og process control for onshore/offshore, landbasert industri, skip/rigger og havbruk

**VI UTFØRER**
Prosjektering, ingeniørarbeid, utstyr og material leveranser, arbeidsldelese, installasjon, kalibrering, test og igangkjøring samt vedlikehold innen følgende disipliner:
- Process Instrumentering
- HVAC
- Brann og Gassvarslingssystemer
- Telekommunikasjon
- Hydrauliske systemer
- Nødstengesystemer
- PLC/PLS system

LYSING

# Sparebanken Vest sponsar Stord-handballen



– Sparebanken Vest si interesse for handballen gjer at vi føler idretten vert sett pris på, seier formann i handballgruppa, Magne Jostein Mikkelson (t.v.) Her saman med nestleiar Sigmund Kroka i Sparebanken.

**Nyleg vart sponsoravtalen mellom Sparebanken Vest og handballgruppa i Stord Turn og Idrettslag (ST&IH) forlenga med to nye år. I avtalen som er den største enkeltavtalen banken har med Stord-idretten, inngår blant anna sponsing av handballfestivalen og den populære skulecupen.**

– Vi set stor pris på avtalen med Sparebanken Vest. Banken si interesse for handballen gjer at vi føler idretten vert sett pris på og vert akseptert utad. Å tå bekrefta at vi gjer ein samfunnsgagnleg innsats betyr svært mykje for oss som legg så mykje arbeid ned i dette, seier formann i handballgruppa, Magne Jostein Mikkelson. Han legg til at det var heilt naturleg å samarbeide med Sparebanken Vest, då den er lokalbanken på Stord.

Handballgruppa har vore aktivt heilt sidan 1965, og hadde i 1991 ein omsetnad på 1,7 millioner kroner.

– Sponsormidlane går direkte til dei aktive gjennom for eksempel å leggje opp til vellukka arrangement som handballfestivalen og skulecupen, samt å skape ei sosial ramme kring stevna. All administrasjon elles vert gjort på dugnad, seier Mikkelson.

## VIKTIG Å STØTTE IDRETTEN

– Sparebanken Vest synes det er viktig å støtte det lokale frivillige idretts- og ungdomsarbeidet i Stord. Ungdomane og leiarane rundt omkring slit med hard økonomi, og vi vil ikkje sjå på at økonomiske problem skal skyggje for vidare sportsleg satsing, sier nestleiar i Sparebanken Vest på Stord, Sigmund Kroka. Han legg til at handballgruppa har gode leiarar med gode opplegg som inkluderer at sponsorane sine interesser vert ivaretatt. Handbrllgruppa har ved tidlegare samarbeid vist at dei har god styring i økonomisaker.

– Avtalen med handballgruppa er naturlegvis ein god måte å marknadsføre banken overfor store ungdomsgrupper som er i ferd med å etablere ein meir bevisst bruk av banken sine tenester. Vi trur sjølvsagt at kjennskap til Sparebanken Vest sine tenester vil føre til eit gjensidig nyttig kundeforhold. Ungdom treng råd og hjelp i økonomispørsmål, og saman trur vi at vi skal få til ein kommunikasjon om personlig økonomi som den enkelte ungdom kan ha nytte av. Det er med økonomi som med mykje anna, legg ein seg til gode vaner frå starten av er mykje gjort, avsluttar Kroka.

INTERSPORT Reebok INTERSPORT Reebok

# Reebok SKOTILBUD!

**Intersport Stord A/S i samarbeid med Reebok Norge A/S går også i år ut med gode tilbud til alle deltakere på håndballfestivalen**

## BOSTON

Lettvekts trenings-/konkurransesko. Hy-Evalite mellomsåle med HXL i hæl, for å kombinere med lav vekt. Tykk gummi yttersåle som gir ekstra støtdemping. Kombinasjonslest.

Veil. 849,-

Festival PRIS 549;





Festival PRIS 399;

Veil. 599,-

## STROBE ERS

DAME str. 3-8
HERRE str. 6-12
Treningssko i første rekke for asfalt. For normalløpere og løpere med proneringstendens som søker maksimal komfort.

## PRO INDOOR MESH

DAME str. 3-8 / HERRE str. 6-12
Racket- og innendørsidretter stiller meget høye krav til skoene. Reeboks indoorsko har spesielle egenskaper, nødvendige for ulike innendørsidretter, men likevel viktige fellesnevnere som suveren sidestabilitet og støtdemping, fint grep på underlaget og uslåelig komfort. Disse fine allroundegenskaper gjør at flere av modellene er egnet til flere ulike innendørsidretter.

Veil. 499,-

Festival PRIS 299;



## HÅNDBALLER: MARCO



| | | |
|---|---|---|
| Str. 48 Veil. 279,- | Festival PRIS | 165; |
| Str. 50 Veil. 279,- | Festival PRIS | 165; |
| Str. 54 Veil. 289,- | Festival PRIS | 189; |
| Str. 58 Veil. 289,- | Festival PRIS | 189; |

I år som i fjor har vi utsalg i idrettshallen fra lørdag til mandag. Der vil vi også ha godt utvalg i
• Klister • Pannebånd
• Knebeskyttere • XL-1 produkter • Shampo
• Deo • Shortser •
T-Skjorter • Strømper
• Compeed • osb.

**Tilbudene gjelder også i butikken på Stord Senter pinseaften.**

**Åpent fra 10-15**

## SPESIALTILBUD PÅ

| | | |
|---|---|---|
| TAPE Veil. 23,- | Festival PRIS | 13; |
| ISPOSER Veil. 17,- | Festival PRIS | 10; |
| DRIKKE-FLASKER Veil. 70,- | Festival PRIS | 15; |
| KNEBESKYTTERE Str. senior. Veil. 98,- | Festival PRIS | 49; |

**Mellom kl. 14.00 og 15.00 søndag deler to av jentene på Gjerpen sitt damelag ut GRATIS XL-1 til festivaldeltakerne på Inter Sport standen i idrettshallen.**

*Lykke til med festivalen!*

INTERSPORT®
STORD A/S
STORD SENTER • TLF. (054) 13 997

INTERSPORT Reebok INTERSPORT Reebok

**HANDBALL FESTIVALEN**
**v/ S.T. & I. Handballgruppa**

# *takkar for støtte*

Stord Kommune
Aker Elektro
Aker Stord
Bladet Sunnhordland
Leirvik Gartneri
Posten
Vital
Sparebanken Vest
Leirvik Sveis
ABB Miljø Norsk Viftefabrikk
Stord Process Control
Rema 1000
SEMA
Reebok
Fylkesnes Bil
Bohus
Leirvik Dampbakeri
Narvesen
BMS Korrosjon
ICL Data
Oracle
Hewlett-Packard
Inter Nor Stord Hotell
Fotoservice
Shell U.K. Nelson-prosjekt

HANDBALLFESTIVAL
STORD
6.–8.06.92

Gartnerhallen
HSD avd. Stord
Sund Kontor og Data
Advokat Kjell Steinsbø
Stord Servicestasjon – Esso
Stord Bygg a.s
Stord Offshore
Borggata
Stord Senter
KPMG Peat Marwick
Cubus
Lekven Agentur A.s
Vest Catering A/S
Stord Rørleggerforretning

Hansa
Hennig Olsen Is
Innkjøpslaget Stord
W. Engelsen Eftf.
Teknisk Isolering
Sunn Vent
Intersport Stord A.s
Hella Transport
Grov Elektro
Stordbase
Litlabø Kurs- og Treningsenter
Erik Underhaug
TV-Senteret
Bladet Sunnhordland

Vital satser på idretten.



Livs- og pensjonsforsikring
gjør livet tryggere for mange mennesker.

BERGEN:
Rosenkrantzgt. 3
Tlf.: 05 17 80 90

HAUGESUND:
Haraldsgt. 125
Tlf.: 04 72 63 44

VITAL
Forsikring

STORD:
Sparebankhuset, Leirvik
Tlf. 054 16 966

MEDLEM AV NORGES STØRSTE MØBELKJEDE!

MYE MER enn MØBLER!

Vi nevner:
• Kontorinnredning • Lamper • Tepper
• Blomster • Hagemøbler • Tekstilvarer
• Gaver • Kjøkkenart. • + mye, mye mer...

ÅPNINGSTIDER:
Ma-Fre: 10-18
Lørd 10-14

Stikk innom
DU også!

Bohus
S. KNUDSEN
5400 STORD. TLF. (054) 15 502. TELEFAX (054) 15 493

MEDLEM AV NORGES STØRSTE MØBELKJEDE!

Coca-Cola light

ALL IS PÅ
Handballfestivalen
blir levert av
Hennig Olsen Is
5400 Stord – Tlf. 11 265 – Mobil (090) 51 745

Laurdag 6/6:
PINSEAFTA
OPE
STORD SENTER
10-15

Prøvekjør Kilimanjaro. DBS
Årets tøffeste
nyhet fra DBS!

KILIMANJARO

Ny, tøff Monostay elevated med ramme for ekstra styrke og stivhet. En supersterk all terreng sykkel. Effektiv i bytrafikk og suveren i terrenget. Kilimanjaro finner du i en rekke utgaver tilpasset alder og bruk. Snakk med din DBS-forhandler om finansiering!



Kilimanjaro 21 DXL 21 GIR
Veil. utsalgspris kr. 4.390,-

DEN NYE DBS GENERASJONEN
ER PÅ VEI!
DET ER VI SOM KAN SYKKEL!

sykkel & sport
VED ESSO I SÆ
TELEFON (054) 10 834


Coca-Cola light
Coca-Cola
light
Eating right. Drinking light.
Just for the taste of it
*One calorie
Coca-Cola
light
NutraSweet

# INFORMASJON

**STEVNEKONTOR/SEKRETARIAT.**
Stevnekontoret er i underetasjen på Stord vidaregåande skule. Kontakt oss om store eller små problem.Vi serverer kaker og kaffi til dommarar/leiarar og foreldre.

**SAL**

| | |
|---|---|
| Frukost: | 30,- |
| Middag: | 50,- |
| Diskotek: | 30,- |
| Festivaltrøye: | 60,- |
| College-genser: | 200,- |
| Basseng: | 20,- |
| Overnatting pr. natt: | 40,- |

Gratis lagfotografering Sjå tidspunkt i deltakarmappe.

**Turneringstelefon: 05411933**

**VIKTIG SPORTSLEG INFORMASJON/TURNERINGSREGLEMENT.**

Under kampane gjeld NHF kampreglement for turneringar.

Klassane G10,G18 og J18 spelar dobbel serie.
G16 spelar enkel serie.

G12,G14,J10,J12,J14 og J16 spelar puljespel laurdag.
Søndag blir laga i desse klassane delt inn i A og B puljer.

Mandag er sett av til finalespel.

J/G 10 - 12 2 * 10 min
J/G 14 - 18 2 * 15 min
PUH 2 * 10 min

Møt kampklar 5 min. før kampstart.Ikkje pause mellom omgangane.

Hugs trimerketorbod i J/G 10-12

Ved uavgjort i cupspelet vil dommarkast og første mål vera avgjerande. Også i finalen.

Ved poenglikhet i puljespel skal rekkjefølgja avgjerast slik:

1) Målskilnad i samtlege kampar
2) Flest scora mål
3) Innbyrdes oppgjer.
4) Loddtrekning.

Dersom eit lag ikkje møter til kamp,vinn det andre laget 6-3.

**LAGET SOM STÅR FØRST I KAMPOPPSETTET:**

Startar med ballen,startar til venstre for sekretariatet og har ansvar for eventuelt draktskifte.

Bli kjend med kampprogrammet på førehand Vi veit pausane mellom kampane kan bli i minste laget. Spesielt viktig er det å finna ut kva pulje laget "ditt" skal spela i søndag.

Dersom det skulle bli nødvendig å protestera,må protesten skriftleg inn til stevnekontoret seinast ein time etter kampen. Protestgebyr : Kr.200,-

**JURY: Arne Steinsvåg,Ingolf G.Magnussen,Erlend Aam.**

**DEFILERING.**

Det er sterkt ønskjeleg at alle møter til defileringa laurd.kl.10.00

**ORDENSREGLAR PÅ SKULANE.**

1. Ein leiar pr lag skal overnatta med laget.
2. Ulovleg å bruka ballen på klasseromma.
3. Nikotin/alkohol er sjølvsagt bannlyst på skulane.
4. Klasseromma skal ryddast før avreise,og eventuelle skader står laga ansvarleg for.

Desse enkle ordensreglane må følgjast!

Elles oppmodar vi spelarane å nytta oppsette bosskorger Hugs Fair-play pokalen blir gjeve til den klubben som totalt viser den beste oppførselen.

**MATSERVERING PÅ UNGDOMSSKULEN**

**LAURDAG**
Frukost : 08.00 - 10.30 Middag : 13.30 - 17.00 Kjøttkaker

**SØNDAG**
Frukost : 08.00 - 10.30 Middag : 13.30 - 17.00 Lapskaus

**MANDAG**
Frukost : 08.00 - 10.00 Middag : 12.00 - 15.00 Pølse med potetstappe.

**Hugs å rydda etter deg!**

**PROGRAM FOR FESTIVALEN**
**Fritidstilbod**

**LAURDAG**

| | |
|---|---|
| DEFILERING/OPNING | 10.00 - 12.00 |
| STOR GRILLFEST | 19.00 - 23.00 |

Levande musikk.
3 lam skal blant anna grillast.Anledning til å kjøpa pølser og brød.Grillmat elles må kjøpast inn på førehand.

| AKTIVITETSTILBOD | |
|---|---|
| Hesteriding | 15.00 - 18.00 |
| Kanopadling. | 19.00 - 23.00 |
| Trampett,bordtennis og ball-leikar i idretthallen. | 22.00 - 23.00 |
| Basseng idrettshallen | 16.00 - 20.00 |
| Basseng kulturhuset | 16.00 - 20.00 |

**SØNDAG**
DISKOTEK I IDRETTSHALLEN 21.00 - 23.00
Aktivitets tilbod 10,12 og 14 årsklassen.

DISKOTEK/MILJØTREFF 20.00 - 23.30
16 og 18 årsklassen.

| AKTIVITETSTILBOD | |
|---|---|
| Dugleikmerke i rackethallen | 20.00 - 22.00 |
| Fallskjermhopping. | |
| Basseng i idrettshallen | 14.00 - 20.00 |
| Basseng i kulturhuset | 14.00 - 20.00 |
| Hesteriding | 15.00 - 18.00 |

LEIARTREFF
INTER NOR STORD HOTELL 21.00 - 24.00
NB! 1 leiar pr. lag. Hent billettar i handballsekratariatet laurdag. Ald. grense 18 år

**PREMIERING**
Samla premiesum : Ca. 50.000

**PULJER**
Det er **viktig** at lagleiarane finn ut kva sluttspelpulje laga er kvalifisert til etter innleiande spel laurdag.

**TRANSPORT UNDER FESTIVALEN.**
Vi løyser alle transportproblem mellom banane og til skulane.
Sjå eigne bussruter.

**DRAKTFARGE**

| | | |
|---|---|---|
| AVALDSNES: RAUD | BRØNNDALEN : BLÅ | ODDA: RAUD |
| BREMNES : GUL | FITJAR : GRØN | KJØKKELVIK : RAUD |
| RIVA : RAUD | KOPERVIK: KVIT | ÅKRA: BLÅ |
| SOLID : RAUD | LINDÅS : RAUD | STORD: KVIT |
| MALMHEIM : GUL | TYSNES : RAUD | BJARG : KVIT |
| BJØRNAR: BLÅ | LYSEKLOSTER: KVIT | VADMYRA: BLÅ |
| MATHOPEN : GRØN | ØLEN: RAUD | ERDAL: BURG |
| ASKØY : BLÅ | LYNGBØ : GRØN | ÅSANE : ORANGE |
| SUNDE: GUL | VAKSDAL : KVIT | FLORVÅG : RAUD |
| KLEPPESTØ : GRØN | SALHUS : KVIT | SOLA : GRØN |
| FYLLINGEN : GUL | NORE NESET : BLÅ | BRYNE : RAUD |
| TERTNES : BLÅ | LANGEVÅG : GUL | ÅRSTAD : BLÅ |
| OS : GUL | FLORØ : BRUN | GJERPEN : RAUD |

HANGØ(FIN)

**BANER:**

| | |
|---|---|
| 1. IDRETTSHALLEN | 8. GRUSBANEN |
| 2. LITLABØ | 9. HSD |
| 3. RACKETBANEN | 10. HSD |
| 4. LEIRVIK SKULE | 11. BILTILSYNET |
| 5. GRUSBANEN | 12. BILTILSYNET |
| 6. GRUSBANEN | 13. TORGET |
| 7. GRUSBANEN | 14. HSD |

**LAGFOTO**
Deltakarklubbane i årets festival har sjansen til å få teke gratis lagfoto. Ikkje nok med det: Desse laga er også med i eit gratis-lotteri om eit nett med handballar.

# KAMPOPPSETT

## G10

| | | |
|---|---|---|
| **SOLID** | **BREMNES** | **RIVAL** |
| **OS** | **STORD** | |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 51 | 13 | LØRD | 13.15 | G10 | STORD | SOLID |
| 49 | 7 | LØRD | 14.05 | G10 | SOLID | BREMNES |
| 50 | 8 | LØRD | 14.05 | G10 | RIVAL | OS |
| 52 | 8 | LØRD | 15.20 | G10 | BREMNES | RIVAL |
| 53 | 7 | LØRD | 16.35 | G10 | OS | SOLID |
| 54 | 8 | LØRD | 16.35 | G10 | RIVAL | STORD |
| 55 | 7 | LØRD | 17.50 | G10 | BREMNES | OS |
| 56 | 8 | LØRD | 17.50 | G10 | SOLID | RIVAL |
| 57 | 8 | LØRD | 18.15 | G10 | STORD | OS |
| 58 | 7 | LØRD | 19.00 | G10 | BREMNES | STORD |
| 59 | 7 | SØND | 12.25 | G10 | BREMNES | SOLID |
| 60 | 8 | SØND | 12.25 | G10 | OS | RIVAL |
| 61 | 7 | SØND | 14.05 | G10 | SOLID | STORD |
| 62 | 8 | SØND | 14.05 | G10 | RIVAL | BREMNES |
| 63 | 7 | SØND | 15.20 | G10 | SOLID | OS |
| 64 | 8 | SØND | 15.20 | G10 | STORD | RIVAL |
| 65 | 7 | SØND | 16.35 | G10 | OS | BREMNES |
| 66 | 8 | SØND | 16.35 | G10 | RIVAL | SOLID |
| 67 | 7 | SØND | 17.50 | G10 | OS | STORD |
| 68 | 7 | SØND | 18.45 | G10 | STORD | BREMNES |
| 547 | 1 | MAND | 11.30 | G/J-10 | PREMIEUTDELING FOR ALLE | |

## G12

| | | | |
|---|---|---|---|
| **G12-1** | **G12-2** | **G12-3** | **G12-4** |
| **STORD1** | **OS** | **STORD2** | **NORE NESET** |
| **RIVAL1** | **AVALDSNES** | **ASKØY** | **TERTNES** |
| **BREMNES1** | **BREMNES2** | **BJØRNAR** | **RIVAL2** |
| **SOLID** | **FYLLINGEN** | | |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 419 | 14 | LØRD | 12.00 | G12-1 | STORD1 | RIVAL1 |
| 423 | 14 | LØRD | 13.40 | G12-1 | BREMNES1 | SOLID |
| 427 | 14 | LØRD | 15.20 | G12-1 | STORD1 | SOLID |
| 429 | 14 | LØRD | 16.10 | G12-1 | RIVAL1 | BREMNES1 |
| 433 | 14 | LØRD | 17.50 | G12-1 | STORD1 | BREMNES1 |
| 435 | 14 | LØRD | 18.40 | G12-1 | RIVAL1 | SOLID |
| 420 | 14 | LØRD | 12.25 | G12-2 | OS | AVALDSNES |
| 424 | 14 | LØRD | 14.05 | G12-2 | BREMNES2 | FYLLINGEN |
| 428 | 14 | LØRD | 15.45 | G12-2 | OS | FYLLINGEN |
| 430 | 14 | LØRD | 16.35 | G12-2 | AVALDSNES | BREMNES2 |

**NAPP UT!**

| Nr. | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 434 | 14 | LØRD | 18.15 | G12-2 | OS | BREMNES2 |
| 436 | 14 | LØRD | 19.05 | G12-2 | AVALDSNES | FYLLINGEN |
| 421 | 14 | LØRD | 12.50 | G12-3 | STORD2 | ASKØY |
| 425 | 14 | LØRD | 14.30 | G12-3 | STORD2 | BJØRNAR |
| 431 | 14 | LØRD | 17.00 | G12-3 | ASKØY | BJØRNAR |
| 422 | 14 | LØRD | 13.15 | G12-4 | NORE NESET | TERTNES |
| 426 | 14 | LØRD | 14.55 | G12-4 | NORE NESET | RIVAL2 |
| 432 | 14 | LØRD | 17.25 | G12-4 | TERTNES | RIVAL2 |
| 437 | 14 | SØND | 09.00 | G12-A1 | NR.1 G12-1 | NR.1 G12-2 |
| 442 | 14 | SØND | 11.00 | G12-A1 | NR.2 G12-3 | NR.2 G12-4 |
| 447 | 14 | SØND | 13.05 | G12-A1 | NR.1 G12-1 | NR.2 G12-4 |
| 452 | 14 | SØND | 15.10 | G12-A1 | NR.1 G12-2 | NR.2 G12-3 |
| 455 | 14 | SØND | 16.25 | G12-A1 | NR.1 ც12-1 | NR.2 G12-3 |
| 458 | 14 | SØND | 17.40 | G12-A1 | NR.1 G12-2 | NR.2 G12-4 |
| 438 | 14 | SØND | 09.25 | G12-A2 | NR.2 G12-1 | NR.2 G12-2 |
| 443 | 14 | SØND | 11.25 | G12-A2 | NR.1 G12-3 | NR.1 G12-4 |
| 448 | 14 | SØND | 13.30 | G12-A2 | NR.2 G12-1 | NR.1 G12-4 |
| 453 | 14 | SØND | 15.35 | G12-A2 | NR.2 G12-2 | NR.1 G12-3 |
| 456 | 14 | SØND | 16.50 | G12-A2 | NR.2 G12-1 | NR.1 G12-3 |
| 459 | 14 | SØND | 18.05 | G12-A2 | NR.2 G12-2 | NR.1 G12-4 |
| 464 | 1 | MAND | 09.10 | G12-A | FINALE | |
| 439 | 14 | SØND | 09.50 | G12-B | NR.3 G12-1 | NR.3 G12-2 |
| 440 | 14 | SØND | 10.15 | G12-B | NR.3 G12-3 | NR.3 G12-4 |
| 441 | 14 | SØND | 10.35 | G12-B | NR.4 G12-1 | NR.4 G12-2 |
| 444 | 14 | SØND | 11.50 | G12-B | NR.3 G12-2 | NR.3 G12-3 |
| 445 | 14 | SØND | 12.15 | G12-B | NR.3 G12-4 | NR.4 G12-1 |
| 446 | 14 | SØND | 12.40 | G12-B | NR.4 G12-2 | NR.3 G12-1 |
| 449 | 14 | SØND | 13.55 | G12-B | NR.3 G12-1 | NR.3 G12-3 |
| 450 | 14 | SØND | 14.20 | G12-B | NR.3 G12-2 | NR.4 G12-1 |
| 451 | 14 | SØND | 14.45 | G12-B | NR.3 G12-4 | NR.4 G12-2 |
| 454 | 14 | SØND | 16.00 | G12-B | NR.3 G12-3 | NR.4 G12-2 |
| 457 | 14 | SØND | 17.15 | G12-B | NR.3 G12-1 | NR.3 G12-4 |
| 460 | 14 | MAND | 09.00 | G12-B | NR.3 G12-2 | NR.3 G12-4 |
| 461 | 14 | MAND | 09.25 | G12-B | NR.3 G12-1 | NR.4 G12-1 |
| 462 | 14 | MAND | 10.15 | G12-B | NR.3 G12-2 | NR.4 G12-2 |
| 463 | 14 | MAND | 10.40 | G12-B | NR.3 G12-3 | NR.4 G12-1 |

VINNAREN AV PULJA ER VINNAR AV G12 B-SLUTTSPEL

## G14

| G14-1 | G14-2 | G14-3 |
|---|---|---|
| **BJARG1** | **BREMNES** | **BJARG2** |
| **NORE NESET** | **AVALDSNES2** | **RIVAL1** |
| **AVALDSNES1** | **STORD** | **ÅRSTAD** |
| **ÅKRA** | **RIVAL2** | **ODDA** |

| Nr. | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 465 | 12 | LØRD | 12.00 | G14-1 | BJARG1 | NORE NESET |
| 468 | 12 | LØRD | 13.45 | G14-1 | AVALDSNES1 | ÅKRA |
| 471 | 12 | LØRD | 15.30 | G14-1 | BJARG1 | ÅKRA |
| 474 | 12 | LØRD | 17.15 | G14-1 | AVALDSNES1 | NORE NESET |
| 477 | 12 | LØRD | 19.00 | G14-1 | BJARG1 | AVALDSNES1 |
| 480 | 12 | LØRD | 20.45 | G14-1 | NORE NESET | ÅKRA |
| 466 | 12 | LØRD | 12.35 | G14-2 | BREMNES | AVALDSNES2 |
| 469 | 12 | LØRD | 14.20 | G14-2 | STORD | RIVAL2 |
| 472 | 12 | LØRD | 16.05 | G14-2 | BREMNES | RIVAL2 |
| 475 | 12 | LØRD | 17.50 | G14-2 | AVALDSNES2 | STORD |
| 478 | 12 | LØRD | 19.35 | G14-2 | BREMNES | STORD |
| 481 | 5 | LØRD | 20.45 | G14-2 | AVALDSNES2 | RIVAL2 |
| 467 | 12 | LØRD | 13.10 | G14-3 | BJARG2 | RIVAL1 |
| 470 | 12 | LØRD | 14.55 | G14-3 | ÅRSTAD | ODDA |
| 473 | 12 | LØRD | 16.40 | G14-3 | BJARG2 | ODDA |
| 476 | 12 | LØRD | 18.25 | G14-3 | ÅRSTAD | RIVAL1 |
| 479 | 12 | LØRD | 20.10 | G14-3 | BJARG2 | ÅRSTAD |
| 482 | 5 | LØRD | 21.20 | G14-3 | RIVAL1 | ODDA |
| 483 | 12 | SØND | 09.00 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.1 G14-2 |
| 486 | 12 | SØND | 10.45 | G14-A1 | NR.2 G14-3 | NR.3 G14-1 |
| 489 | 12 | SØND | 12.30 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.3 G14-1 |
| 492 | 12 | SØND | 14.15 | G14-A1 | NR.1 G14-2 | NR.2 G14-3 |
| 495 | 12 | SØND | 16.00 | G14-A1 | NR.1 G14-1 | NR.2 G14-3 |
| 498 | 12 | SØND | 17.45 | G14-A1 | NR.1 G14-2 | NR.3 G14-1 |
| 484 | 12 | SØND | 09.35 | G14-A2 | NR.2 G14-1 | NR.2 G14-2 |
| 487 | 12 | SØND | 11.20 | G14-A2 | NR.1 G14-3 | NR.3 G14-2 |
| 490 | 12 | SØND | 13.05 | G14-A2 | NR.2 G14-1 | NR.3 G14-2 |
| 493 | 12 | SØND | 14.50 | G14-A2 | NR.2 G14-2 | NR.1 G14-3 |
| 496 | 12 | SØND | 16.35 | G14-A2 | NR.2 G14-1 | NR.1 G14-3 |
| 499 | 12 | SØND | 18.20 | G14-A2 | NR.2 G14-2 | NR.3 G14-2 |
| 502 | 1 | MAND | 14.05 | G14-A | FINALE | |
| 485 | 12 | SØND | 10.10 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.4 G14-2 |
| 488 | 12 | SØND | 11.55 | G14-B1 | NR.4 G14-3 | NR.3 G14-3 |
| 491 | 12 | SØND | 13.40 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.3 G14-3 |
| 494 | 12 | SØND | 15.25 | G14-B1 | NR.4 G14-2 | NR.4 G14-3 |
| 497 | 12 | SØND | 17.10 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.4 G14-3 |
| 500 | 12 | SØND | 18.55 | G14-B1 | NR.4 G14-2 | NR.3 G14-3 |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 6 | 8 | LØRD | 12.50 | J10-2 | RIVAL1 | OS2 |
| 10 | 8 | LØRD | 13.40 | J10-2 | LINDÅS | RIVAL1 |
| 14 | 8 | LØRD | 14.55 | J10-2 | KLEPPESTØ | OS2 |
| 18 | 8 | LØRD | 16.10 | J10-2 | LINDÅS | OS2 |
| 22 | 8 | LØRD | 17.25 | J10-2 | KLEPPESTØ | RIVAL1 |
| 3 | 7 | LØRD | 12.25 | J10-3 | SOLID2 | ERDAL |
| 7 | 7 | LØRD | 13.15 | J10-3 | RIVAL2 | STORD1 |
| 11 | 7 | LØRD | 14.30 | J10-3 | SOLID2 | RIVAL2 |
| 15 | 7 | LØRD | 15.45 | J10-3 | ERDAL | STORD1 |
| 19 | 7 | LØRD | 17.00 | J10-3 | SOLID2 | STORD1 |
| 23 | 7 | LØRD | 18.15 | J10-3 | ERDAL | RIVAL2 |
| 4 | 8 | LØRD | 12.25 | J10-4 | KJØKKELVIK | BREMNES |
| 8 | 8 | LØRD | 13.15 | J10-4 | OS1 | BRØNNDALEN |
| 12 | 8 | LØRD | 14.30 | J10-4 | KJØKKELVIK | OS1 |
| 16 | 8 | LØRD | 15.45 | J10-4 | BREMNES | BRØNNDALEN |
| 20 | 8 | LØRD | 17.00 | J10-4 | KJØKKELVIK | BRØNNDALEN |
| 24 | 7 | LØRD | 18.40 | J10-4 | BREMNES | OS1 |
| 25 | 7 | SØND | 10.00 | J10-A1 | NR.1 J10-1 | NR.2 J10-2 |
| 29 | 7 | SØND | 12.00 | J10-A1 | NR.1 J10-3 | NR.2 J10-4 |
| 33 | 7 | SØND | 13.15 | J10-A1 | NR.1 J10-1 | NR.1 J10-3 |
| 37 | 7 | SØND | 14.30 | J10-A1 | NR.2 J10-2 | NR.2 J10-4 |
| 41 | 7 | SØND | 15.45 | J10-A1 | NR.1 J10-1 | NR.2 J10-4 |
| 45 | 7 | SØND | 17.00 | J10-A1 | NR.2 J10-2 | NR.1 J10-3 |
| 26 | 8 | SØND | 10.00 | J10-A2 | NR.2 J10-1 | NR.1 J10-2 |
| 30 | 8 | SØND | 12.00 | J10-A2 | NR.2 J10-3 | NR.1 J10-4 |
| 34 | 8 | SØND | 13.15 | J10-A2 | NR.2 J10-1 | NR.2 J10-3 |
| 38 | 8 | SØND | 14.30 | J10-A2 | NR.1 J10-2 | NR.1 J10-4 |
| 42 | 8 | SØND | 15.45 | J10-A2 | NR.2 J10-1 | NR.1 J10-4 |
| 46 | 8 | SØND | 17.00 | J10-A2 | NR.2 J10-3 | NR.1 J10-2 |
| 27 | 7 | SØND | 10.25 | J10-B1 | NR.3 J10-1 | NR.3 J10-2 |
| 31 | 7 | SØND | 12.50 | J10-B1 | NR.4 J10-3 | NR.4 J10-4 |
| 35 | 7 | SØND | 13.40 | J10-B1 | NR.3 J10-1 | NR.4 J10-3 |
| 39 | 7 | SØND | 14.55 | J10-B1 | NR.3 J10-2 | NR.4 J10-4 |
| 43 | 7 | SØND | 16.10 | J10-B1 | NR.3 J10-1 | NR.4 J10-4 |
| 47 | 7 | SØND | 17.25 | J10-B1 | NR.4 J10-3 | NR.3 J10-2 |
| 28 | 8 | SØND | 10.25 | J10-B2 | NR.4 J10-1 | NR.4 J10-2 |
| 32 | 8 | SØND | 12.50 | J10-B2 | NR.3 J10-3 | NR.3 J10-4 |
| 36 | 8 | SØND | 13.40 | J10-B2 | NR.4 J10-1 | NR.3 J10-3 |
| 40 | 8 | SØND | 14.55 | J10-B2 | NR.4 J10-2 | NR.3 J10-4 |
| 44 | 8 | SØND | 16.10 | J10-B2 | NR.4 J10-1 | NR.3 J10-4 |
| 48 | 8 | SØND | 17.25 | J10-B2 | NR.3 J10-3 | NR.4 J10-2 |
| 547 | 1 | MAND | 11.30 | G/J-10 | PREMIEUTDELING FOR ALLE. | |

## J12

| J12-1 | J12-2 | J12-3 | J12-4 |
|---|---|---|---|
| **SOLID1** | **VADMYRA** | **LINDÅS** | **LYSEKLOSTEN** |
| **FITJAR2** | **KOPERVIK** | **FITJAR1** | **ÅSANE1** |
| **OS4** | **BJØRNAR4** | **NORE NESET2** | **OS2** |
| **BRØNNDALEN1** | **STORD4** | **STORD3** | **LYNGBØ1** |

| J12-5 | J12-6 | J12-7 | J12-8 |
|---|---|---|---|
| **MATHOPEN** | **ÅSANE2** | **FLORVÅG** | **SOLID2** |
| **BJØRNAR2** | **NORE NESET1** | **KJØKKELVIK** | **BJØRNAR3** |
| **OS3** | **ERDAL** | **OS1** | **STORD1** |
| **RIVAL1** | **AVALDSNES** | **RIVAL2** | **BREMNES1** |

| J12-9 | J12-10 | J12-11 |
|---|---|---|
| **LYNGBØ2** | **KLEPPESTØ** | **FYLLINGEN2** |
| **FYLLINGEN1** | **BJØRNAR1** | **STORD2** |
| **ÅKRA** | **BRØNNDALEN2** | **ØLEN** |
| **ÅRSTAD** | **BREMNES2** | |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 69 | 4 | LØRD | 12.00 | J12-1 | SOLID1 | FITJAR2 |
| 80 | 6 | LØRD | 13.15 | J12-1 | OS4 | BRØNNDALEN1 |
| 91 | 5 | LØRD | 14.55 | J12-1 | SOLID1 | OS4 |
| 102 | 4 | LØRD | 16.35 | J12-1 | FITJAR2 | BRØNNDALEN1 |
| 112 | 5 | LØRD | 17.50 | J12-1 | SOLID1 | BRØNNDALEN1 |
| 122 | 6 | LØRD | 19.05 | J12-1 | FITJAR2 | OS4 |
| 70 | 5 | LØRD | 12.00 | J12-2 | VADMYRA | KOPERVIK |
| 81 | 4 | LØRD | 13.40 | J12-2 | BJØRNAR4 | STORD4 |
| 92 | 6 | LØRD | 14.55 | J12-2 | VADMYRA | BJØRNAR4 |
| 103 | 5 | LØRD | 16.35 | J12-2 | KOPERVIK | STORD4 |
| 113 | 6 | LØRD | 17.50 | J12-2 | VADMYRA | STORD4 |
| 123 | 4 | LØRD | 19.30 | J12-2 | KOPERVIK | BJØRNAR4 |
| 71 | 6 | LØRD | 12.00 | J12-3 | LINDÅS | FITJAR1 |
| 82 | 5 | LØRD | 13.40 | J12-3 | NORE NESET2 | STORD3 |
| 93 | 4 | LØRD | 15.20 | J12-3 | LINDÅS | NORE NESET2 |
| 104 | 6 | LØRD | 16.35 | J12-3 | FITJAR1 | STORD3 |
| 114 | 4 | LØRD | 18.15 | J12-3 | LINDÅS | STORD3 |
| 124 | 5 | LØRD | 19.30 | J12-3 | FITJAR1 | NORE NESET2 |
| 72 | 4 | LØRD | 12.25 | J12-4 | LYSEKLOSTER | ÅSANE1 |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 170 | 6 | SØND | 14.00 | J12-A6 | NR.2 J12-9 | NR.2 J12-10 |
| 181 | 5 | SØND | 15.40 | J12-A6 | NR.2 J12-9 | NR.1 J12-11 |
| 192 | 4 | SØND | 17.20 | J12-A6 | NR.2 J12-10 | NR.1 J12-11 |
| 198 | 3 | MAND | 09.00 | J12-A | NR.1 J12-A1 | NR.1 J12-A2 |
| 199 | 4 | MAND | 09.00 | J12-A | NR.1 J12-A3 | NR.1 J12-A4 |
| 201 | 4 | MAND | 10.15 | J12-A | Vinnar k199 | NR.1 J12-A6 |
| 200 | 3 | MAND | 10.35 | J12-A | Vinnar k198 | NR.1 J12-A5 |
| 202 | 1 | MAND | 15.45 | J12-A | FINALE | |
| 138 | 4 | SØND | 09.50 | J12-B1 | NR.3 J12-1 | NR.3 J12-2 |
| 149 | 6 | SØND | 11.05 | J12-B1 | NR.4 J12-3 | NR.4 J12-4 |
| 160 | 5 | SØND | 12.45 | J12-B1 | NR.3 J12-1 | NR.4 J12-3 |
| 171 | 4 | SØND | 14.25 | J12-B1 | NR.3 J12-2 | NR.4 J12-4 |
| 182 | 6 | SØND | 15.40 | J12-B1 | NR.3 J12-1 | NR.4 J12-4 |
| 193 | 5 | SØND | 17.20 | J12-B1 | NR.3 J12-2 | NR.4 J12-3 |
| 139 | 5 | SØND | 09.50 | J12-B2 | NR.4 J12-1 | NR.4 J12-2 |
| 150 | 4 | SØND | 11.30 | J12-B2 | NR.3 J12-3 | NR.3 J12-4 |
| 161 | 6 | SØND | 12.45 | J12-B2 | NR.4 J12-1 | NR.3 J12-3 |
| 172 | 5 | SØND | 14.25 | J12-B2 | NR.4 J12-2 | NR.3 J12-4 |
| 183 | 4 | SØND | 16.05 | J12-B2 | NR.4 J12-1 | NR.3 J12-4 |
| 194 | 6 | SØND | 17.20 | J12-B2 | NR.4 J12-2 | NR.3 J12-3 |
| 140 | 6 | SØND | 09.50 | J12-B3 | NR.3 J12-5 | NR.3 J12-6 |
| 151 | 5 | SØND | 11.30 | J12-B3 | NR.4 J12-7 | NR.4 J12-8 |
| 162 | 4 | SØND | 13.10 | J12-B3 | NR.3 J12-5 | NR.4 J12-7 |
| 173 | 6 | SØND | 14.25 | J12-B3 | NR.3 J12-6 | NR.4 J12-8 |
| 184 | 5 | SØND | 16.05 | J12-B3 | NR.3 J12-5 | NR.4 J12-8 |
| 195 | 4 | SØND | 17.45 | J12-B3 | NR.3 J12-6 | NR.4 J12-7 |
| 141 | 4 | SØND | 10.15 | J12-B4 | NR.4 J12-5 | NR.4 J12-6 |
| 152 | 6 | SØND | 11.30 | J12-B4 | NR.3 J12-7 | NR.3 J12-8 |
| 163 | 5 | SØND | 13.10 | J12-B4 | NR.4 J12-5 | NR.3 J12-7 |
| 174 | 4 | SØND | 14.50 | J12-B4 | NR.4 J12-6 | NR.3 J12-8 |
| 185 | 6 | SØND | 16.05 | J12-B4 | NR.4 J12-5 | NR.3 J12-8 |
| 196 | 5 | SØND | 17.45 | J12-B4 | NR.4 J12-6 | NR.3 J12-7 |
| 142 | 5 | SØND | 10.15 | J12-B5 | NR.3 J12-10 | NR.3 J12-11 |
| 153 | 4 | SØND | 11.55 | J12-B5 | NR.4 J12-9 | NR.4 J12-10 |
| 164 | 6 | SØND | 13.10 | J12-B5 | NR.3 J12-10 | NR.4 J12-9 |
| 175 | 5 | SØND | 14.50 | J12-B5 | NR.3 J12-11 | NR.4 J12-10 |
| 186 | 4 | SØND | 16.30 | J12-B5 | NR.3 J12-10 | NR.4 J12-10 |
| 197 | 6 | SØND | 17.45 | J12-B5 | NR.3 J12-11 | NR.4 J12-9 |
| 203 | 5 | MAND | 09.00 | J12-B | NR.1 J12-B1 | NR.1 J12-B2 |
| 204 | 5 | MAND | 10.15 | J12-B | NR.1 J12-B3 | NR.1 J12-B4 |
| 205 | 6 | MAND | 10.15 | J12-B | Vinnar k203 | NR.1 J12-B5 |
| 206 | 5 | MAND | 11.30 | J12-B | FINALE B | |

## J14

| J14-1 | J14-2 | J14-3 | J14-4 |
|---|---|---|---|
| **STORD1** | **TYSNES** | **ODDA** | **STORD2** |
| **ÅKRA2** | **BRØNNDALEN** | **OS1** | **AVALDSNES** |
| **GJERPEN** | **SALHUS** | **BREMNES** | **NORE NESET** |
| **FITJAR1** | **ERDAL** | **SOLA1** | **FITJAR2** |

| J14-5 | J14-6 | J14-7 | J14-8 |
|---|---|---|---|
| **LYNGBØ** | **ODDA2** | **STORD3** | **ÅKRA1** |
| **OS2** | **RIVAL2** | **BJØRNAR2** | **RIVAL1** |
| **BJØRNAR1** | **ÅSANE1** | **KJØKKELVIK** | **VADMYRA2** |
| **MALMHEIM** | **VADMYRA1** | **SOLID** | **LYSEKLOSTER2** |

| J14-9 | J14-10 |
|---|---|
| **ODDA3** | **RIVAL3** |
| **FYLLINGEN** | **SOLA2** |
| **KLEPPESTØ** | **FITJAR3** |
| **LYSEKLOSTER1** | **ÅSANE2** |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 207 | 9 | LØRD | 12.00 | J14-1 | STORD1 | ÅKRA2 |
| 217 | 10 | LØRD | 13.45 | J14-1 | GJERPEN | FITJAR1 |
| 227 | 11 | LØRD | 15.30 | J14-1 | STORD1 | GJERPEN |
| 237 | 9 | LØRD | 17.50 | J14-1 | ÅKRA2 | FITJAR1 |
| 247 | 10 | LØRD | 19.35 | J14-1 | STORD1 | FITJAR1 |
| 257 | 10 | LØRD | 20.45 | J14-1 | ÅKRA2 | GJERPEN |
| 208 | 10 | LØRD | 12.00 | J14-2 | TYSNES | BRØNNDALEN |
| 218 | 11 | LØRD | 13.45 | J14-2 | SALHUS | ERDAL |
| 228 | 9 | LØRD | 16.05 | J14-2 | TYSNES | SALHUS |
| 238 | 10 | LØRD | 17.50 | J14-2 | BRØNNDALEN | ERDAL |
| 248 | 11 | LØRD | 19.35 | J14-2 | TYSNES | ERDAL |
| 258 | 11 | LØRD | 20.45 | J14-2 | BRØNNDALEN | SALHUS |
| 209 | 11 | LØRD | 12.00 | J14-3 | ODDA1 | OS1 |
| 219 | 9 | LØRD | 14.20 | J14-3 | BREMNES | SOLA1 |
| 229 | 10 | LØRD | 16.05 | J14-3 | ODDA1 | BREMNES |
| 239 | 11 | LØRD | 17.50 | J14-3 | OS1 | SOLA1 |
| 249 | 7 | LØRD | 19.35 | J14-3 | ODDA1 | SOLA1 |
| [illegible] | [illegible] | [illegible] | [illegible] | J14-3 | OS1 | BREMNES |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 493 | 12 | SØND | 14.50 | G14-A2 | NR.2 G14-2 | NR.1 G14-3 |
| 496 | 12 | SØND | 16.35 | G14-A2 | NR.2 G14-1 | NR.1 G14-3 |
| 499 | 12 | SØND | 18.20 | G14-A2 | NR.2 G14-2 | NR.3 G14-2 |
| 502 | 1 | MAND | 14.05 | G14-A | FINALE | |
| 485 | 12 | SØND | 10.10 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.4 G14-2 |
| 488 | 12 | SØND | 11.55 | G14-B1 | NR.4 G14-3 | NR.3 G14-3 |
| 491 | 12 | SØND | 13.40 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.3 G14-3 |
| 494 | 12 | SØND | 15.25 | G14-B1 | NR.4 G14-2 | NR.4 G14-3 |
| 497 | 12 | SØND | 17.10 | G14-B1 | NR.4 G14-1 | NR.4 G14-3 |
| 500 | 12 | SØND | 18.55 | G14-B1 | NR.4 G14-2 | NR.3 G14-3 |
| 501 | 3 | MAND | 12.10 | G14-B | FINALE | |

# G16

**LANGEVÅG**
**RIVAL**

**AVALDSNES1**
**STORD**

**AVALDSNES2**
**KOPERVIK**

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 504 | 2 | LØRD | 13.10 | G16 | AVALDSNES2 | RIVAL |
| 506 | 1 | LØRD | 15.30 | G16 | LANGEVÅG | RIVAL |
| 507 | 2 | LØRD | 15.30 | G16 | AVALDSNES1 | KOPERVIK |
| 505 | 3 | LØRD | 16.05 | G16 | STORD | KOPERVIK |
| 503 | 1 | LØRD | 20.45 | G16 | LANGEVÅG | AVALDSNES1 |
| 508 | 1 | SØND | 08.05 | G16 | AVALDSNES2 | STORD |
| 509 | 2 | SØND | 08.05 | G16 | LANGEVÅG | KOPERVIK |
| 510 | 1 | SØND | 11.35 | G16 | AVALDSNES1 | AVALDSNES2 |
| 511 | 2 | SØND | 12.45 | G16 | RIVAL | STORD |
| 512 | 2 | SØND | 14.30 | G16 | LANGEVÅG | AVALDSNES2 |
| 513 | 3 | SØND | 14.30 | G16 | AVALDSNES1 | STORD |
| 514 | 2 | SØND | 15.05 | G16 | RIVAL | KOPERVIK |
| 516 | 3 | MAND | 07.50 | G16 | AVALDSNES1 | RIVAL |
| 515 | 1 | MAND | 08.00 | G16 | LANGEVÅG | STORD |
| 517 | 1 | MAND | 08.35 | G16 | AVALDSNES2 | KOPERVIK |
| 518 | 1 | MAND | 12.35 | G16 | FINALE | |

# G18

**KOPERVIK**
**AVALDSNES**

**BJØRNAR**
**STORD**

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 535 | 1 | LØRD | 13.10 | G18 | BJØRNAR | STORD |
| 532 | 1 | LØRD | 16.05 | G18 | AVALDSNES | STORD |
| 533 | 2 | LØRD | 16.05 | G18 | KOPERVIK | BJØRNAR |
| 534 | 1 | LØRD | 20.10 | G18 | KOPERVIK | AVALDSNES |
| 536 | 2 | SØND | 08.40 | G18 | STORD | KOPERVIK |
| 537 | 3 | SØND | 08.40 | G18 | BJØRNAR | AVALDSNES |
| 538 | 3 | SØND | 09.50 | G18 | STORD | AVALDSNES |
| 539 | 2 | SØND | 11.35 | G18 | BJØRNAR | KOPERVIK |
| 540 | 3 | SØND | 12.45 | G18 | AVALDSNES | KOPERVIK |
| 542 | 1 | SØND | 15.05 | G18 | KOPERVIK | STORD |
| 543 | 3 | SØND | 15.05 | G18 | AVALDSNES | BJØRNAR |
| 541 | 1 | SØND | 16.15 | G18 | STORD | BJØRNAR |
| 544 | 1 | MAND | 10.40 | G18 | FINALE | |

# J10

| J10-1 | J10-2 | J10-3 | J10-4 |
|---|---|---|---|
| SOLID1 | LINDÅS | SOLID2 | KJØKKELVIK |
| FITJAR | KLEPPESTØ | ERDAL | BREMNES |
| BJØRNAR | RIVAL1 | RIVAL2 | OS1 |
| STORD2 | OS2 | STORD1 | BRØNNDALEN |

| Nr. | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 13 | LØRD | 12.25 | J10-1 | SOLID1 | FITJAR |
| 5 | 7 | LØRD | 12.50 | J10-1 | BJØRNAR | STORD2 |
| 9 | 7 | LØRD | 13.40 | J10-1 | SOLID1 | BJØRNAR |
| 13 | 7 | LØRD | 14.55 | J10-1 | FITJAR | STORD2 |
| 17 | 7 | LØRD | 16.10 | J10-1 | SOLID1 | STORD2 |
| 21 | 7 | LØRD | 17.25 | J10-1 | FITJAR | BJØRNAR |
| 2 | 13 | LØRD | 12.50 | J10-2 | LINDÅS | KLEPPESTØ |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 70 | 5 | LØRD | 12.00 | J12-2 | VADMYRA | KOPERVIK |
| 81 | 4 | LØRD | 13.40 | J12-2 | BJØRNAR4 | STORD4 |
| 92 | 6 | LØRD | 14.55 | J12-2 | VADMYRA | BJØRNAR4 |
| 103 | 5 | LØRD | 16.35 | J12-2 | KOPERVIK | STORD4 |
| 113 | 6 | LØRD | 17.50 | J12-2 | VADMYRA | STORD4 |
| 123 | 4 | LØRD | 19.30 | J12-2 | KOPERVIK | BJØRNAR4 |
| 71 | 6 | LØRD | 12.00 | J12-3 | LINDÅS | FITJAR1 |
| 82 | 5 | LØRD | 13.40 | J12-3 | NORE NESET2 | STORD3 |
| 93 | 4 | LØRD | 15.20 | J12-3 | LINDÅS | NORE NESET2 |
| 104 | 6 | LØRD | 16.35 | J12-3 | FITJAR1 | STORD3 |
| 114 | 4 | LØRD | 18.15 | J12-3 | LINDÅS | STORD3 |
| 124 | 5 | LØRD | 19.30 | J12-3 | FITJAR1 | NORE NESET2 |
| 72 | 4 | LØRD | 12.25 | J12-4 | LYSEKLOSTER | ÅSANE1 |
| 83 | 6 | LØRD | 13.40 | J12-4 | OS2 | LYNGBØ1 |
| 94 | 5 | LØRD | 15.20 | J12-4 | LYSEKLOSTER | OS2 |
| 105 | 4 | LØRD | 17.00 | J12-4 | ÅSANE1 | LYNGBØ1 |
| 115 | 5 | LØRD | 18.15 | J12-4 | LYSEKLOSTER | LYNGBØ1 |
| 125 | 6 | LØRD | 19.30 | J12-4 | ÅSANE1 | OS2 |
| 73 | 5 | LØRD | 12.25 | J12-5 | MATHOPEN | BJØRNAR2 |
| 84 | 4 | LØRD | 14.05 | J12-5 | OS3 | RIVAL1 |
| 95 | 6 | LØRD | 15.20 | J12-5 | MATHOPEN | OS3 |
| 106 | 5 | LØRD | 17.00 | J12-5 | BJØRNAR2 | RIVAL1 |
| 116 | 6 | LØRD | 18.15 | J12-5 | MATHOPEN | RIVAL1 |
| 126 | 4 | LØRD | 19.55 | J12-5 | BJØRNAR2 | OS3 |
| 74 | 6 | LØRD | 12.25 | J12-6 | ÅSANE2 | NORE NESET1 |
| 85 | 5 | LØRD | 14.05 | J12-6 | ERDAL | AVALDSNES |
| 96 | 4 | LØRD | 15.45 | J12-6 | ÅSANE2 | ERDAL |
| 107 | 6 | LØRD | 17.00 | J12-6 | NORE NESET1 | AVALDSNES |
| 117 | 4 | LØRD | 18.40 | J12-6 | ÅSANE2 | AVALDSNES |
| 127 | 5 | LØRD | 19.55 | J12-6 | NORE NESET1 | ERDAL |
| 75 | 4 | LØRD | 12.50 | J12-7 | FLORVÅG | KJØKKELVIK |
| 86 | 6 | LØRD | 14.05 | J12-7 | OS1 | RIVAL2 |
| 97 | 5 | LØRD | 15.45 | J12-7 | FLORVÅG | OS1 |
| 108 | 4 | LØRD | 17.25 | J12-7 | KJØKKELVIK | RIVAL2 |
| 118 | 5 | LØRD | 18.40 | J12-7 | FLORVÅG | RIVAL2 |
| 128 | 6 | LØRD | 19.55 | J12-7 | KJØKKELVIK | OS1 |
| 76 | 5 | LØRD | 12.50 | J12-8 | SOLID2 | BJØRNAR3 |
| 87 | 4 | LØRD | 14.30 | J12-8 | STORD1 | BREMNES1 |
| 98 | 6 | LØRD | 15.45 | J12-8 | SOLID2 | STORD1 |
| 109 | 5 | LØRD | 17.25 | J12-8 | BJØRNAR3 | BREMNES1 |
| 119 | 6 | LØRD | 18.40 | J12-8 | SOLID2 | BREMNES1 |
| 129 | 4 | LØRD | 20.20 | J12-8 | BJØRNAR3 | STORD1 |
| 77 | 6 | LØRD | 12.50 | J12-9 | LYNGBØ2 | FYLLINGEN1 |
| 88 | 5 | LØRD | 14.30 | J12-9 | ÅKRA | ÅRSTAD |
| 99 | 4 | LØRD | 16.10 | J12-9 | LYNGBØ2 | ÅKRA |
| 110 | 6 | LØRD | 17.25 | J12-9 | FYLLINGEN1 | ÅRSTAD |
| 120 | 4 | LØRD | 19.05 | J12-9 | LYNGBØ2 | ÅRSTAD |
| 130 | 5 | LØRD | 20.20 | J12-9 | FYLLINGEN1 | ÅKRA |
| 78 | 4 | LØRD | 13.15 | J12-10 | KLEPPESTØ | BJØRNAR1 |
| 89 | 6 | LØRD | 14.30 | J12-10 | BRØNNDALEN2 | BREMNES2 |
| 100 | 5 | LØRD | 16.10 | J12-10 | KLEPPESTØ | BRØNNDALEN2 |
| 111 | 4 | LØRD | 17.50 | J12-10 | BJØRNAR1 | BREMNES2 |
| 121 | 5 | LØRD | 19.05 | J12-10 | KLEPPESTØ | BREMNES2 |
| 131 | 6 | LØRD | 20.20 | J12-10 | BJØRNAR1 | BRØNNDALEN2 |
| 79 | 5 | LØRD | 13.15 | J12-11 | FYLLINGEN2 | STORD2 |
| 90 | 4 | LØRD | 14.55 | J12-11 | FYLLINGEN2 | ØLEN |
| 101 | 6 | LØRD | 16.10 | J12-11 | STORD2 | ØLEN |
| 132 | 4 | SØND | 09.00 | J12-A1 | NR.1 J12-1 | NR.1 J12-2 |
| 143 | 6 | SØND | 10.15 | J12-A1 | NR.2 J12-3 | NR.2 J12-4 |
| 154 | 5 | SØND | 11.55 | J12-A1 | NR.1 J12-1 | NR.2 J12-3 |
| 165 | 4 | SØND | 13.35 | J12-A1 | NR.1 J12-2 | NR.2 J12-4 |
| 176 | 6 | SØND | 14.50 | J12-A1 | NR.1 J12-1 | NR.2 J12-4 |
| 187 | 5 | SØND | 16.30 | J12-A1 | NR.1 J12-2 | NR.2 J12-3 |
| 133 | 5 | SØND | 09.00 | J12-A2 | NR.2 J12-1 | NR.2 J12-2 |
| 144 | 4 | SØND | 10.40 | J12-A2 | NR.1 J12-3 | NR.1 J12-4 |
| 155 | 6 | SØND | 11.55 | J12-A2 | NR.2 J12-1 | NR.1 J12-3 |
| 166 | 5 | SØND | 13.35 | J12-A2 | NR.2 J12-2 | NR.1 J12-4 |
| 177 | 4 | SØND | 15.15 | J12-A2 | NR.2 J12-1 | NR.1 J12-4 |
| 188 | 6 | SØND | 16.30 | J12-A2 | NR.2 J12-2 | NR.1 J12-3 |
| 134 | 6 | SØND | 09.00 | J12-A3 | NR.1 J12-5 | NR.1 J12-6 |
| 145 | 5 | SØND | 10.40 | J12-A3 | NR.2 J12-7 | NR.2 J12-8 |
| 156 | 4 | SØND | 12.20 | J12-A3 | NR.1 J12-5 | NR.2 J12-7 |
| 167 | 6 | SØND | 13.35 | J12-A3 | NR.1 J12-6 | NR.2 J12-8 |
| 178 | 5 | SØND | 15.15 | J12-A3 | NR.1 J12-5 | NR.2 J12-8 |
| 189 | 4 | SØND | 16.55 | J12-A3 | NR.1 J12-6 | NR.2 J12-7 |
| 135 | 4 | SØND | 09.25 | J12-A4 | NR.2 J12-5 | NR.2 J12-6 |
| 146 | 6 | SØND | 10.40 | J12-A4 | NR.1 J12-7 | NR.1 J12-8 |
| 157 | 5 | SØND | 12.20 | J12-A4 | NR.2 J12-5 | NR.1 J12-7 |
| 168 | 4 | SØND | 14.00 | J12-A4 | NR.2 J12-6 | NR.1 J12-8 |
| 179 | 6 | SØND | 15.15 | J12-A4 | NR.2 J12-5 | NR.1 J12-8 |
| 190 | 5 | SØND | 16.55 | J12-A4 | NR.2 J12-6 | NR.1 J12-7 |
| 136 | 5 | SØND | 09.25 | J12-A5 | NR.1 J12-9 | R.1 J12-10 |
| 147 | 4 | SØND | 11.05 | J12-A5 | NR.2 J12-11 | NR.3 J12-9 |
| 158 | 6 | SØND | 12.20 | J12-A5 | NR.1 J12-9 | NR.2 J12-11 |
| 169 | 5 | SØND | 14.00 | J12-A5 | NR.1 J12-10 | NR.3 J12-9 |
| 180 | 4 | SØND | 15.40 | J12-A5 | NR.1 J12-9 | NR.3 J12-9 |
| 191 | 6 | SØND | 16.55 | J12-A5 | NR.1 J12-10 | NR.2 J12-11 |
| 137 | 6 | SØND | 09.25 | J12-A6 | NR.2 J12-9 | NR.2 J12-10 |
| 148 | 5 | SØND | 11.05 | J12-A6 | NR.2 J12-9 | NR.1 J12-11 |
| 159 | 4 | SØND | 12.45 | J12-A6 | NR.1 J12-11 | NR.2 J12-10 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 247 | 10 | LØRD | 19.35 | J14-1 | STORD1 | FITJAR1 |
| 257 | 10 | LØRD | 20.45 | J14-1 | ÅKRA2 | GJERPEN |
| 208 | 10 | LØRD | 12.00 | J14-2 | TYSNES | BRØNNDALEN |
| 218 | 11 | LØRD | 13.45 | J14-2 | SALHUS | ERDAL |
| 228 | 9 | LØRD | 16.05 | J14-2 | TYSNES | SALHUS |
| 238 | 10 | LØRD | 17.50 | J14-2 | BRØNNDALEN | ERDAL |
| 248 | 11 | LØRD | 19.35 | J14-2 | TYSNES | ERDAL |
| 258 | 11 | LØRD | 20.45 | J14-2 | BRØNNDALEN | SALHUS |
| 209 | 11 | LØRD | 12.00 | J14-3 | ODDA1 | OS1 |
| 219 | 9 | LØRD | 14.20 | J14-3 | BREMNES | SOLA1 |
| 229 | 10 | LØRD | 16.05 | J14-3 | ODDA1 | BREMNES |
| 239 | 11 | LØRD | 17.50 | J14-3 | OS1 | SOLA1 |
| 249 | 7 | LØRD | 19.35 | J14-3 | ODDA1 | SOLA1 |
| 259 | 7 | LØRD | 20.45 | J14-3 | OS1 | BREMNES |
| 210 | 9 | LØRD | 12.35 | J14-4 | STORD2 | AVALDSNES |
| 220 | 10 | LØRD | 14.20 | J14-4 | NORE NESET | FITJAR2 |
| 230 | 11 | LØRD | 16.05 | J14-4 | STORD2 | NORE NESET |
| 240 | 9 | LØRD | 18.25 | J14-4 | AVALDSNES | FITJAR2 |
| 250 | 8 | LØRD | 21.00 | J14-4 | STORD2 | FITJAR2 |
| 260 | 8 | LØRD | 19.50 | J14-4 | AVALDSNES | NORE NESET |
| 211 | 10 | LØRD | 12.35 | J14-5 | LYNGBØ | OS2 |
| 221 | 11 | LØRD | 14.20 | J14-5 | BJØRNAR1 | MALMHEIM |
| 231 | 9 | LØRD | 16.40 | J14-5 | LYNGBØ | BJØRNAR1 |
| 241 | 10 | LØRD | 18.25 | J14-5 | OS2 | MALMHEIM |
| 251 | 9 | LØRD | 20.10 | J14-5 | LYNGBØ | MALMHEIM |
| 261 | 4 | LØRD | 20.55 | J14-5 | OS2 | BJØRNAR1 |
| 212 | 11 | LØRD | 12.35 | J14-6 | ODDA2 | RIVAL2 |
| 222 | 9 | LØRD | 14.55 | J14-6 | ÅSANE1 | VADMYRA1 |
| 232 | 10 | LØRD | 16.40 | J14-6 | ODDA2 | ÅSANE1 |
| 242 | 11 | LØRD | 18.25 | J14-6 | RIVAL2 | VADMYRA1 |
| 252 | 10 | LØRD | 20.10 | J14-6 | ODDA2 | VADMYRA1 |
| 262 | 9 | LØRD | 21.20 | J14-6 | RIVAL2 | ÅSANE1 |
| 213 | 9 | LØRD | 13.10 | J14-7 | STORD3 | BJØRNAR2 |
| 223 | 10 | LØRD | 14.55 | J14-7 | KJØKKELVIK | SOLID |
| 233 | 11 | LØRD | 16.40 | J14-7 | STORD3 | KJØKKELVIK |
| 243 | 9 | LØRD | 19.00 | J14-7 | BJØRNAR2 | SOLID |
| 253 | 11 | LØRD | 20.10 | J14-7 | STORD3 | SOLID |
| 263 | 10 | LØRD | 21.20 | J14-7 | BJØRNAR2 | KJØKKELVIK |
| 214 | 10 | LØRD | 13.10 | J14-8 | ÅKRA1 | RIVAL1 |
| 224 | 11 | LØRD | 14.55 | J14-8 | VADMYRA2 | LYSEKLOSTER2 |
| 234 | 9 | LØRD | 17.15 | J14-8 | ÅKRA1 | VADMYRA2 |
| 244 | 10 | LØRD | 19.00 | J14-8 | RIVAL1 | LYSEKLOSTER2 |
| 254 | 7 | LØRD | 20.10 | J14-8 | ÅKRA1 | LYSEKLOSTER2 |
| 264 | 11 | LØRD | 21.20 | J14-8 | RIVAL1 | VADMYRA2 |
| 215 | 11 | LØRD | 13.10 | J14-9 | ODDA3 | FYLLINGEN |
| 225 | 9 | LØRD | 15.30 | J14-9 | KLEPPESTØ | LYSEKLOSTER1 |
| 235 | 10 | LØRD | 17.15 | J14-9 | ODDA3 | KLEPPESTØ |
| 245 | 11 | LØRD | 19.00 | J14-9 | FYLLINGEN | LYSEKLOSTER1 |
| 255 | 8 | LØRD | 19.15 | J14-9 | ODDA3 | LYSEKLOSTER1 |
| 265 | 7 | LØRD | 21.20 | J14-9 | FYLLINGEN | KLEPPESTØ |
| 216 | 9 | LØRD | 13.45 | J14-10 | RIVAL3 | SOLA2 |
| 226 | 10 | LØRD | 15.30 | J14-10 | FITJAR3 | ÅSANE2 |
| 236 | 11 | LØRD | 17.15 | J14-10 | RIVAL3 | FITJAR3 |
| 246 | 9 | LØRD | 19.35 | J14-10 | SOLA2 | ÅSANE2 |
| 266 | 8 | LØRD | 20.25 | J14-10 | SOLA2 | FITJAR3 |
| 256 | 9 | LØRD | 20.45 | J14-10 | RIVAL3 | ÅSANE2 |
| 267 | 9 | SØND | 09.00 | J14-A1 | NR.1 J14-1 | NR.1 J14-2 |
| 277 | 10 | SØND | 10.45 | J14-A1 | NR.2 J14-3 | NR.2 J14-4 |
| 287 | 11 | SØND | 12.30 | J14-A1 | NR.1 J14-1 | NR.2 J14-3 |
| 297 | 9 | SØND | 14.50 | J14-A1 | NR.1 J14-2 | NR.2 J14-4 |
| 307 | 10 | SØND | 16.35 | J14-A1 | NR.1 J14-1 | NR.2 J14-4 |
| 317 | 11 | SØND | 18.20 | J14-A1 | NR.2 J14-3 | NR.1 J14-2 |
| 268 | 10 | SØND | 09.00 | J14-A2 | NR.2 J14-1 | NR.2 J14-2 |
| 278 | 11 | SØND | 10.45 | J14-A2 | NR.1 J14-3 | NR.1 J14-4 |
| 288 | 9 | SØND | 13.05 | J14-A2 | NR.2 J14-1 | NR.1 J14-4 |
| 298 | 10 | SØND | 14.50 | J14-A2 | NR.2 J14-2 | R.1 J14-3 |
| 308 | 11 | SØND | 16.35 | J14-A2 | NR.2 J14-1 | NR.1 J14-3 |
| 318 | 9 | SØND | 18.55 | J14-A2 | NR.1 J14-4 | NR.2 J14-2 |
| 269 | 11 | SØND | 09.00 | J14-A3 | NR.1 J14-5 | NR.1 J14-6 |
| 279 | 9 | SØND | 11.20 | J14-A3 | NR.2 J14-7 | NR.2 J14-8 |
| 289 | 10 | SØND | 13.05 | J14-A3 | NR.1 J14-5 | NR.2 J14-7 |
| 299 | 11 | SØND | 14.50 | J14-A3 | NR.1 J14-6 | NR.2 J14-8 |
| 309 | 9 | SØND | 17.10 | J14-A3 | NR.1 J14-5 | NR.2 J14-8 |
| 319 | 10 | SØND | 18.55 | J14-A3 | NR.2 J14-7 | NR.1 J14-6 |
| 270 | 9 | SØND | 09.35 | J14-A4 | NR.2 J14-5 | NR.2 J14-6 |
| 280 | 10 | SØND | 11.20 | J14-A4 | NR.1 J14-7 | NR.1 J14-8 |
| 290 | 11 | SØND | 13.05 | J14-A4 | NR.2 J14-5 | NR.1 J14-7 |
| 300 | 9 | SØND | 15.25 | J14-A4 | NR.2 J14-6 | NR.1 J14-8 |
| 310 | 10 | SØND | 17.10 | J14-A4 | NR.2 J14-5 | NR.1 J14-8 |
| 320 | 11 | SØND | 18.55 | J14-A4 | NR.1 J14-7 | NR.2 J14-6 |
| 271 | 10 | SØND | 09.35 | J14-A5 | NR.1 J14-9 | NR.2 J14-9 |
| 281 | 11 | SØND | 11.20 | J14-A5 | NR.1 J14-10 | NR.2 J14-10 |
| 291 | 9 | SØND | 13.40 | J14-A5 | NR.1 J14-9 | NR.1 J14-10 |
| 301 | 10 | SØND | 15.25 | J14-A5 | NR.2 J14-9 | NR.2 J14-10 |
| 311 | 11 | SØND | 17.10 | J14-A5 | NR.1 J14-9 | NR.2 J14-10 |
| 321 | 9 | SØND | 19.30 | J14-A5 | NR.1 J14-10 | NR.2 J14-9 |
| 327 | 3 | MAND | 08.25 | J14-A | NR.1 J14-A1 | NR.1 J14-A2 |
| 328 | 3 | MAND | 09.25 | J14-A | NR.1 J14-A3 | NR.1 J14-A4 |
| 329 | 3 | MAND | 10.00 | J14-A | NR.1 J14 A5 | Vinnar k327 |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 330 | 1 | MAND | 14.55 | J14-A | FINALE | |
| 272 | 11 | SØND | 09.35 | J14-B1 | NR.3 J14-1 | NR.3 J14-2 |
| 282 | 9 | SØND | 11.55 | J14-B1 | NR.4 J14-3 | NR.4 J14-4 |
| 292 | 10 | SØND | 13.40 | J14-B1 | NR.3 J14-1 | NR.4 J14-3 |
| 302 | 11 | SØND | 15.25 | J14-B1 | NR.3 J14-2 | NR.4 J14-4 |
| 312 | 9 | SØND | 17.45 | J14-B1 | NR.3 J14-1 | NR.4 J14-4 |
| 322 | 10 | SØND | 19.30 | J14-B1 | NR.4 J14-3 | NR.3 J14-2 |
| 273 | 9 | SØND | 10.10 | J14-B2 | NR.4 J14-1 | NR.4 J14-2 |
| 283 | 10 | SØND | 11.55 | J14-B2 | NR.3 J14-3 | NR.3 J14-4 |
| 293 | 11 | SØND | 13.40 | J14-B2 | NR.4 J14-1 | NR.3 J14-3 |
| 303 | 9 | SØND | 16.00 | J14-B2 | NR.4 J14-2 | NR.3 J14-4 |
| 313 | 10 | SØND | 17.45 | J14-B2 | NR.4 J14-1 | NR.3 J14-4 |
| 323 | 11 | SØND | 19.30 | J14-B2 | NR.3 J14-3 | NR.4 J14-2 |
| 274 | 10 | SØND | 10.10 | J14-B3 | NR.3 J14-5 | NR.3 J14-6 |
| 284 | 11 | SØND | 11.55 | J14-B3 | NR.4 J14-7 | NR.4 J14-8 |
| 294 | 9 | SØND | 14.15 | J14-B3 | NR.3 J14-5 | NR.4 J14-7 |
| 304 | 10 | SØND | 16.00 | J14-B3 | NR.3 J14-6 | NR.4 J14-8 |
| 314 | 11 | SØND | 17.45 | J14-B3 | NR.3 J14-5 | NR.4 J14-8 |
| 324 | 9 | SØND | 20.05 | J14-B3 | NR.4 J14-7 | NR.3 J14-6 |
| 275 | 11 | SØND | 10.10 | J14-B4 | NR.4 J14-5 | NR.4 J14-6 |
| 285 | 9 | SØND | 12.30 | J14-B4 | NR.3 J14-7 | NR.3 J14-8 |
| 295 | 10 | SØND | 14.15 | J14-B4 | NR.4 J14-5 | NR.3 J14-7 |
| 305 | 11 | SØND | 16.00 | J14-B4 | NR.4 J14-6 | NR.3 J14-8 |
| 315 | 9 | SØND | 18.20 | J14-B4 | NR.4 J14-5 | NR.3 J14-8 |
| 325 | 10 | SØND | 20.05 | J14-B4 | NR.3 J14-7 | NR.4 J14-6 |
| 276 | 9 | SØND | 10.45 | J14-B5 | NR.3 J14-9 | NR.4 J14-9 |
| 286 | 10 | SØND | 12.30 | J14-B5 | NR.3 J14-10 | NR.4 J14-10 |
| 296 | 11 | SØND | 14.15 | J14-B5 | NR.3 J14-9 | NR.3 J14-10 |
| 306 | 9 | SØND | 16.35 | J14-B5 | NR.4 J14-9 | NR.4 J14-10 |
| 316 | 10 | SØND | 18.20 | J14-B5 | NR.3 J14-9 | NR.4 J14-10 |
| 326 | 11 | SØND | 20.05 | J14-B5 | NR.3 J14-10 | NR.4 J14-9 |
| 331 | 11 | MAND | 09.00 | J14-B | NR.1 J14-B1 | NR.1 J14-B2 |
| 332 | 11 | MAND | 09.35 | J14-B | NR.1 J14-B3 | NR.1 J14-B4 |
| 333 | 11 | MAND | 10.10 | J14-B | NR.1 J14 B5 | Vinnar k331 |
| 334 | 11 | MAND | 11.30 | J14-B | FINALE-B | |

# J16

| J16-1 | J16-2 | J16-3 | J16-4 |
|---|---|---|---|
| STORD1 | ÅKRA1 | STORD2 | ÅKRA2 |
| GJERPEN | SUNDE | HANGØ | KLEPPESTØ |
| FITJAR | BRØNNDALEN1 | BJØRNAR1 | BRYNE |
| FLORØ1 | FLORØ2 | AVALDSNES1 | BRØNNDALEN2 |

| J16-5 | J16-6 | J16-7 |
|---|---|---|
| STORD3 | LINDÅS | SALHUS |
| SOLID | KOPERVIK2 | AVALDSNES2 |
| KOPERVIK1 | VAKSDAL | BJØRNAR3 |
| BJØRNAR2 | RIVAL | FLORVÅG |

| Nr | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 335 | 1 | LØRD | 12.00 | J16-1 | STORD1 | GJERPEN |
| 342 | 2 | LØRD | 13.45 | J16-1 | FITJAR | FLORØ1 |
| 349 | 1 | LØRD | 16.40 | J16-1 | STORD1 | FITJAR |
| 356 | 2 | LØRD | 17.50 | J16-1 | GJERPEN | FLORØ1 |
| 363 | 3 | LØRD | 19.00 | J16-1 | STORD1 | FLORØ1 |
| 370 | 2 | LØRD | 21.20 | J16-1 | FITJAR | GJERPEN |
| 336 | 2 | LØRD | 12.00 | J16-2 | ÅKRA1 | SUNDE |
| 343 | 3 | LØRD | 13.45 | J16-2 | BRØNNDALEN1 | FLORØ2 |
| 350 | 2 | LØRD | 16.40 | J16-2 | ÅKRA1 | BRØNNDALEN1 |
| 357 | 3 | LØRD | 17.50 | J16-2 | SUNDE | FLORØ2 |
| 364 | 2 | LØRD | 19.35 | J16-2 | ÅKRA1 | FLORØ2 |
| 371 | 3 | LØRD | 20.45 | J16-2 | BRØNNDALEN1 | SUNDE |
| 337 | 3 | LØRD | 12.00 | J16-3 | STORD2 | HANGØ |
| 344 | 1 | LØRD | 14.20 | J16-3 | BJØRNAR1 | AVALDSNES1 |
| 351 | 3 | LØRD | 16.40 | J16-3 | STORD2 | BJØRNAR1 |
| 358 | 1 | LØRD | 18.25 | J16-3 | HANGØ | AVALDSNES1 |
| 365 | 3 | LØRD | 19.35 | J16-3 | STORD2 | AVALDSNES1 |
| 372 | 1 | LØRD | 21.55 | J16-3 | BJØRNAR1 | HANGØ |
| 338 | 1 | LØRD | 12.35 | J16-4 | ÅKRA2 | KLEPPESTØ |
| 345 | 2 | LØRD | 14.20 | J16-4 | BRYNE | BRØNNDALEN2 |
| 352 | 1 | LØRD | 17.15 | J16-4 | ÅKRA2 | BRYNE |
| 359 | 2 | LØRD | 18.25 | J16-4 | KLEPPESTØ | BRØNNDALEN2 |
| 366 | 1 | LØRD | 19.35 | J16-4 | ÅKRA2 | BRØNNDALEN2 |
| 373 | 2 | LØRD | 21.55 | J16-4 | BRYNE | KLEPPESTØ |
| 339 | 2 | LØRD | 12.35 | J16-5 | STORD3 | SOLID |
| 346 | 3 | LØRD | 14.20 | J16-5 | KOPERVIK1 | BJØRNAR2 |
| 353 | 2 | LØRD | 17.15 | J16-5 | STORD3 | KOPERVIK1 |
| 360 | 3 | LØRD | 18.25 | J16-5 | SOLID | BJØRNAR2 |
| 367 | 2 | LØRD | 20.10 | J16-5 | STORD3 | BJØRNAR2 |
| 374 | 3 | LØRD | 21.20 | J16-5 | KOPERVIK1 | SOLID |
| 340 | 3 | LØRD | 12.35 | J16-6 | LINDÅS | KOPERVIK2 |
| 347 | 1 | LØRD | 14.55 | J16-6 | VAKSDAL | RIVAL |
| 354 | 3 | LØRD | 17.15 | J16-6 | LINDÅS | VAKSDAL |
| 361 | 1 | LØRD | 19.00 | J16-6 | KOPERVIK2 | RIVAL |
| 368 | 3 | LØRD | 20.10 | J16-6 | LINDÅS | RIVAL |
| 375 | 4 | LØRD | 21.30 | J16-6 | VAKSDAL | KOPERVIK2 |
| 341 | 1 | LØRD | 13.45 | J16-7 | SALHUS | AVALDSNES2 |
| 348 | 2 | LØRD | 14.55 | J16-7 | BJØRNAR3 | FLORVÅG |
| 355 | 1 | LØRD | 17.50 | J16-7 | SALHUS | BJØRNAR3 |
| 362 | 2 | LØRD | 19.00 | J16-7 | AVALDSNES2 | FLORVÅG |
| 369 | 1 | LØRD | 21.20 | J16-7 | SALHUS | FLORVÅG |
| 376 | 3 | LØRD | 21.55 | J16-7 | BJØRNAR3 | AVALDSNES2 |
| 377 | 1 | SØND | 09.15 | J16-A1 | NR.1 J16-1 | NR.1 J16-2 |
| 385 | 1 | SØND | 12.10 | J16-A1 | NR.2 J16-3 | NR.2 J16-4 |
| 393 | 1 | SØND | 15.40 | J16-A1 | NR.1 J16-1 | NR.2 J16-4 |
| 401 | 3 | SØND | 16.50 | J16-A1 | NR.2 J16-3 | NR.1 J16-2 |
| 405 | 1 | SØND | 18.00 | J16-A1 | NR.1 J16-1 | NR.2 J16-3 |
| 409 | 2 | SØND | 18.35 | J16-A1 | NR.1 J16-2 | NR.2 J16-4 |
| 378 | 2 | SØND | 09.15 | J16-A2 | NR.2 J16-1 | NR.2 J16-2 |
| 386 | 2 | SØND | 12.10 | J16-A2 | NR.1 J16-3 | NR.1 J16-4 |
| 394 | 2 | SØND | 15.40 | J16-A2 | NR.2 J16-1 | NR.1 J16-4 |
| 402 | 1 | SØND | 17.25 | J16-A2 | NR.1 J16-3 | NR.2 J16-2 |
| 406 | 2 | SØND | 18.00 | J16-A2 | NR.2 J16-1 | NR.1 J16-3 |
| 410 | 3 | SØND | 18.35 | J16-A2 | NR.2 J16-2 | NR.1 J16-4 |
| 379 | 3 | SØND | 09.15 | J16-A3 | NR.1 J16-5 | NR.1 J16-6 |
| 387 | 3 | SØND | 12.10 | J16-A3 | NR.1 J16-5 | NR.2 J16-7 |
| 395 | 3 | SØND | 16.15 | J16-A3 | NR.1 J16-6 | NR.2 J16-7 |
| 380 | 1 | SØND | 10.25 | J16-A4 | NR.2 J16-5 | NR.2 J16-6 |
| 388 | 1 | SØND | 13.20 | J16-A4 | NR.2 J16-5 | NR.1 J16-7 |
| 396 | 1 | SØND | 14.30 | J16-A4 | NR.1 J16-7 | NR.2 J16-6 |
| 413 | 2 | MAND | 09.10 | J16-A | NR.1 J16-A1 | NR.1 J16-A2 |
| 414 | 2 | MAND | 09.45 | J16-A | NR.1 J16-A3 | NR.1 J16-A4 |
| 417 | 1 | MAND | 11.45 | J16-A | FINALE | |
| 381 | 2 | SØND | 10.25 | J16-B1 | NR.3 J16-1 | NR.3 J16-2 |
| 389 | 2 | SØND | 13.20 | J16-B1 | NR.4 J16-3 | NR.4 J16-4 |
| 397 | 2 | SØND | 16.15 | J16-B1 | NR.3 J16-1 | NR.4 J16-4 |
| 403 | 2 | SØND | 17.25 | J16-B1 | NR.4 J16-3 | NR.3 J16-2 |
| 407 | 3 | SØND | 18.00 | J16-B1 | NR.3 J16-1 | NR.4 J16-3 |
| 411 | 4 | SØND | 19.55 | J16-B1 | NR.3 J16-2 | NR.4 J16-4 |
| 382 | 3 | SØND | 10.25 | J16-B2 | NR.4 J16-1 | NR.4 J16-2 |
| 390 | 3 | SØND | 13.20 | J16-B2 | NR.3 J16-3 | NR.3 J16-4 |
| 398 | 3 | SØND | 15.40 | J16-B2 | NR.4 J16-1 | NR.3 J16-4 |
| 404 | 3 | SØND | 17.25 | J16-B2 | NR.4 J16-2 | NR.3 J16-3 |
| 408 | 4 | SØND | 18.20 | J16-B2 | NR.4 J16-1 | NR.3 J16-3 |
| 412 | 2 | SØND | 19.10 | J16-B2 | NR.4 J16-2 | NR.3 J16-4 |
| 383 | 1 | SØND | 11.00 | J16-B3 | NR.3 J16-5 | NR.3 J16-6 |
| 391 | 1 | SØND | 13.55 | J16-B3 | NR.3 J16-5 | NR.4 J16-7 |
| 399 | 1 | SØND | 16.50 | J16-B3 | NR.4 J16-7 | NR.3 J16-6 |
| 384 | 2 | SØND | 11.00 | J16-B4 | NR.4 J16-5 | NR.4 J16-6 |
| 392 | 2 | SØND | 13.55 | J16-B4 | NR.4 J16-5 | NR.3 J16-7 |
| 400 | 2 | SØND | 16.50 | J16-B4 | NR.3 J16-7 | NR.4 J16-6 |
| 415 | 3 | MAND | 11.00 | J16-B | NR.1 J16-B1 | NR.1 J16-B2 |
| 416 | 3 | MAND | 11.35 | J16-B | NR.1 J16-B3 | NR.1 J16-B4 |
| 418 | 3 | MAND | 13.00 | J16-B | FINALE | |

# J18

| | |
|---|---|
| ÅSANE | AVALDSNES |
| STORD1 | STORD2 |

| Nr. | Ba | Dag | Klokke | Pulje | Lag | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 521 | 3 | LØRD | 13.10 | J18 | ÅSANE | STORD2 |
| 519 | 3 | LØRD | 14.55 | J18 | ÅSANE | AVALDSNES |
| 520 | 3 | LØRD | 15.30 | J18 | STORD1 | STORD2 |
| 522 | 2 | LØRD | 20.45 | J18 | AVALDSNES | STORD1 |
| 523 | 3 | SØND | 08.05 | J18 | AVALDSNES | STORD2 |
| 524 | 1 | SØND | 08.40 | J18 | STORD1 | ÅSANE |
| 526 | 2 | SØND | 09.50 | J18 | STORD2 | STORD1 |
| 525 | 1 | SØND | 09.50 | J18 | AVALDSNES | ÅSANE |
| 527 | 3 | SØND | 11.00 | J18 | STORD2 | ÅSANE |
| 528 | 3 | SØND | 11.35 | J18 | STORD1 | AVALDSNES |
| 529 | 1 | SØND | 12.45 | J18 | STORD2 | AVALDSNES |
| 530 | 3 | SØND | 13.55 | J18 | ÅSANE | STORD1 |
| 531 | 1 | MAND | 09.50 | J18 | FINALE | |

# PUH

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 545 | 13 | LØRD | 12.00 | PUH | BREMNES | STORD |
| 546 | 1 | MAND | 13.25 | PUH | STORD | BREMNES |




**RADIO STORD**

Nærradioen på Stord sender direkte frå Handballfestivalen til desse tidene:

**Fredag:**
19.00 - 20.00
21.00 - 22.00

**Laurdag:**
15.00 - 18.00

**Sundag:**
09.00 - 10.00
13.30 - 14.30
17.00 - 18.00
20.00 - 22.00

**Måndag:**
08.00 - 12.00
14.00 - 16.00